

Skjåk kommune

ÅRSMELDING 2024






Innhold

Kommunedirektøren si leiargruppe og organisasjonskart	3
Kommunedirektøren ser attende - 2024	4
1. Befolkningsutvikling	10
2. Mål og resultat	14
3. Prioriteringar 2024	16
4. Årsrekneskap	18
5. Organisasjonen	28
6. Tenesteområde Oppvekst og utdanning	54
7. Tenesteområde Helse og omsorg	70
8. Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling	88
9. Kommunedirektør, stab og politikk	98
<i>Politisk organisering</i>	99
<i>Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtalar</i>	102





KOMMUNEDIREKTØREN SI LEIARGRUPPE OG ORGANISASJONSKART





Kommunedirektøren ser attende - 2024


Det er spesielt gledeleg å innleie med at Skjåk kommune i 2024 hadde ein befolningsvekst på 1.8 %, noko som tilseier at vi prosentvis ligg på topp i Innlandet.

Regjeringane sine siste to perspektivmeldingar peikar begge på overgangen til det grøne skiftet og at vi vil få lågare inntekter frå oljeverksemda. Perspektivmeldingane er tydelege på at berekraftig framtid tilseier at offentleg sektor må redusere forbruket og sektoren må omstille seg. Dette må skje i ei tid der andre sektorar som klima og forsvar må større prioritering, samtidig som vi får ei eldre befolkning og auka tilstrøyming av flyktningar.

Hovudutfordringane for Skjåk kommune er demografisk utvikling med fleire eldre som vil ha behov for tenester, fleire yngre tenestemottakarar med einetiltak som krev omfattande tenester, auka press på tenestene i samband med busetting av flyktningar og ein større del av inntektene som må gå til dekning av renter og avdrag som følgje lånegjeld.

Skjåk kommune har eit høgt tenestenivå og innbyggjarane får jamt over gode tenester. Skjåk kan framleis nytte godt av kraftinntekter.

Dei siste to åra har vore økonomisk meir krevjande for Skjåk kommune. Store investeringar, driftsprosjektet Dyringen bru, høgt rentenivå, meirforbruk har vore med å svekke netto driftsresultat. Renteutgiftene har meir enn dobla seg. Kommunen blir meir sårbar for svingingar i økonomien, spesielt knytt til endringar i inntekter av konsesjonskraft, endring i reguleringspremie og utvikling på renter.



Ivar Bø
Kommunedirektør

Krigen i Ukraina held fram og innkomstane av flyktingar har fortsett gjennom 2024. Kommunane har vist ei positiv busettingsvilje sidan krigen braut ut, og Skjåk kommune har gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting av flyktingar og i 2024 tok kommunen i mot totalt 20 flyktingar. Det er viktig og sjølvsagt at kommunen strekker seg langt for å kunne hjelpe dei som er på flukt, og som treng ein trygg stad å vere. Sjølv om det kan vere utfordrande på mange måtar for kommunen, er det likevel viktig å mobilisere ressursar for å legge til rette. På same tid er det også viktig å merke seg at å ta imot flyktingar er eit arbeid som heile Skjåk har ansvar for. Flyktingane skal kjenne på at dei høyrer til i Skjåk, og dette må både innbyggjarar, næringslivet, friviljuge lag og organisasjonar og andre hjelpe til med. Det må leggast til rette for deltaking i fritid, opplæring og arbeid.



Økonomi

I 2024 ender Skjåk kommune opp med eit negativt resultat på - 9,96 millionar kroner. Dette er hovudsakleg grunna rebudsjettering av større løyvingar frå 2023 som påverkar driftsresultatet negativt.

Skjåk kommune har gjort seg avhengig av kraftinntektene og for 2024 er inntektene frå konsesjonskraft på 12,4 mill, noko som er mindre enn det som låg til grunn i budsjettet. Til trass for dette vart driftsinntektene ca. 12 millionar høgare enn budsjettet, hovudsakleg grunna auka statlege overføringer og skatteinntekter.

Driftsutgiftene er 10,9 mill høgare enn budsjettet. Meirkostnadene er i hovudsak knytt til kjøp av varer og tenester samt vikarkostnader og overtid. Om vi held finans og overføringer utanfor er samla budsjettavvik i ansvarsområda 4,63 mill. I 2024 er meirforbruket i hovudsak knytt til helse- og omsorgstenestene. Sjølv om det er utfordrande å planleggje for helse- og omsorgstenester, er eit meirforbruk på nærmere 6 millionar kroner ikkje akseptabelt. Det er inga unnskyldning at andre kommunar har betydeleg meirforbruk innan denne sektoren. Kommunedirektøren ser det som

naudsynt å iverksette meir omfattande tiltak for å sikre at ein nyttar ressursane betre innanfor dei rammene som politikarane har vedteke. Veksten i behovet for tenester i helse og omsorg er ein landsdekkjande trend som har samanheng med demografien, fleire yngre som får behov for tenester, oppgåveforskyving frå helseforetaket og forventingar frå innbyggjarane. Det er svært stor risiko for at auken som er tilført helse- og omsorgstenestene i budsjettet og økonomiplanen ikkje vil verte tilstrekkeleg, og at ein må gjere vurderingar i samband med handsaming av tertialrapportane.



Sjukefråvær

Skjåk kommune hadde ei kraftig auke i sjukefråværet i samband med pandemien. Etter pandemien har det vore fokus på tiltak både på system- og individnivå, og vi ser at fråværet gjekk gradvis nedover etter 2022. Samla fråvær i 2024 er på 7,6 %. Dette er det lågaste fråværet vi har hatt etter pandemien i 2020. Det er langtidsfråværet som dreg opp, og korttidsfråværet ligg lågt innan dei fleste tensteområda. Fråværet ligg ofte høgare i vinterhalvåret. Det er eit mål å få fråværet ned på same nivå som vi hadde før pandemien, med rundt 6 %.

Vidaregåande skuletilbod i Lom

Fylkestinget i Innlandet vedtok hausten 2024 å legge ned den offentlege vidaregåande skulen i Lom frå hausten 2025. Etter dette har ei eiga styringsgruppe og TAFI (Tværfagleg arbeidsgruppe for framtidsskulen i Innlandet) jobba med å etablere ein privat vidaregåande skule med rett til statstilskot i Lom. Det er av stor betydning for Skjåk kommune at det blir oppretthalde eit vidaregåande skuletilbod i Lom frå og med hausten 2025. Dette er viktig for mellom anna næringslivet, befolkningsgrunnlaget og kommunen som heilskap.

Politikken i Skjåk har vedteke at dei støttar arbeidet til styringsgruppa og TAFI for etablering av eit privat vidaregåande skuletilbod i Lom. Kommunestyret i Skjåk er saman med Lom innstilt på å støtte etablering av eit privat skuletilbod i tre år med inntil 1/3 av kostnadene til å drifta skulen, fram til ein privatskule med statsstøtte blir godkjend. I budsjett utarbeidd av TAFI, kjem det fram at skuledrifta vil koste i overkant av 20 mill kroner i året.

Internkontroll

Kommunelova set konkrete krav om korleis kommunedirektøren skal føre kontroll med eigen verksemd for å sikre at lover og forskrifter følgjast. I 2024 vart det jobba vidare med internkontroll og GDPR i Skjåk kommune.



Sats på Skjåk

«Sats på Skjåk» ei heilskapleg satsing, både på bustadutvikling, rekruttering og tilflytting med finansiering og fagleg bistand frå Husbanken og Distriktsentret. I 2023 fekk kommunen tildelt 760.000 kroner frå Husbanken si ordning «bustadtiltak i distrikta» til «Sats på Skjåk», fase 1. Kommunen leverte ein sluttrapport i november 2024. Våren 2024 søkte kommunen same tilskotsordninga om å vidareføre prosjektet vårt til ei fase 2. Her fekk kommunen tildelt 1.000.000 kroner. Det er utarbeid ei heilheitleg ordning rundt prøvebustadane, og ein opplev jamn etterspørsel på bustadane. Det er brukt mykje tid på å involvere lokalsamfunnet. Våren 2024 vart det lagt til rette med ein arbeidsverkstader der tema var «Korleis skape bu- og blilyst i Skjåk?». Etter dette vart det etablert ei eigen tilflyttargruppe, som arbeidde vidare med innspela som kom inn. Det har vert lagt opp til eit tett samarbeid med lokalbefolking, NIS, og næringsliv. I denne samanheng er det naturleg å trekke fram at Skjåk kommune hadde den høgaste prosentvise befolningsveksten i Innlandet i 2024, med ein befolkningsvekst på 1,8 %.

Informasjon og kommunikasjon

Kommunikasjons- og informasjonsarbeid er grunnlaget for å nå ut til folk. Det viktigaste verktøyet og navet i kommunikasjonsarbeidet er kommunen si nettside med daglege kunngjeringar. Dei siste åra har det kome strengare krav med omsyn til universell utforming.

Dei fleste kommunar i distriktet står overfor store samfunnsutfordringar knytt til demografisk utvikling, sosioøkonomiske endringar og digitalisering. Kommunen som verksemd har auka i kompleksitet. Det er viktig at den administrative og politiske leiinga i kommunen har kompetanse og ferdigheter i å kommunisere fakta og gjere faktainformasjon lettare tilgjengeleg for ulike målgrupper.

Skjåk kommune inngjekk i 2024 eit samarbeid om eit FOU-prosjekt med Høgskulen i Volda. Gjennom dette samarbeidet skal Skjåk kommune få tilgang til fagleg opplegg slik at kommunen er i betre stand til å legge grunnlag for forbetra informasjonsflyt, auke bevisstheit om demokratiske prosessar og fremje deltaking.



I 2024 har det vore prioritert å jobbe med innhaldsproduksjon inkludert eksisterande informasjon på heimesida, sosiale media og andre kanalar som forsterkar verknaden av innhaldet. Intranettet er ein kanal som kommunen har nytta noko meir i 2024 for å nå ut med informasjon til tilsette.

Det å nå fram med «våre saker» via ulike kanalar og med det kunne rekruttere innanfor vanskelege yrke med målretta tiltak vil måtte ha eit hovudfokus i åra som kjem. Målstyrt marknadsføring er eit eige fag. Kommunedirektøren ynskjer å ha eit eige fokus på dette dei komande åra slik at kommunen vert meir synleg. Det er dei tilsette som skapar innhaldet i den gode kommunen. Medarbeidarane i Skjåk har omstillingsevne, tek ansvar og syner omsorg. Dei har bidrige med ein stor innsats gjennom heile året.

Eg vil rette ein stor takk til alle medarbeidrarar, tillitsvalde og leiarar i Skjåk kommune – det vert utført gode tenester kvar dag for innbyggjarane våre. Takk for stor innsats og godt samarbeid. Tusen takk til ordførar og folkevalde for samarbeidet.

**Kommunedirektøren
legg med dette fram
årsmeldinga for 2024.
Gjennom årsmeldinga
beskriv eg omfang og
resultat, utviklingstrekk
og viktige hendingar i
løpet av året.**



1

Befolkningsutvikling

Befolkningsutvikling

2024 var eit spesielt år for kommunen. Skjåk er den kommunen i Innlandet som prosentvis hadde høgast folketalsutvikling med 1.8 %. Oversikta og framskrivinga under viser at Skjåk kommune samla sett har hatt og kan vente seg ei negativ folketalsutvikling. Det er ikkje ein enkel grunn til dette, men kombinasjonen av negativt fødselsoverskot (fleire døde enn fødde), at unge flytter ut for å ta utdanning og får arbeid der etter ferdig utdanning er ein stor del av forklaringa. For mange kommunar som Skjåk har dette vore utviklinga dei seinare åra, ikkje minst gjeld dette for mange av kommunane i Innlandet.

Mange ungdomar reiser ut for å ta utdanning og kjem ikkje att. Denne erfaringa deler Skjåk med svært mange kommunar i same situasjon. Den største aldersgruppa er 45–69-åringane. Det er i denne gruppa mobiliteten er lågast. Har du passert 50 år og bur i Skjåk, så er det sannsynleg at du blir buande i Skjåk resten av levetida. Skjåk har mange eldre over 80 år, og dette har auka dei siste ti åra. Eit fenomen er at blant dei over 80 år, er ein langt høgare del kvinner enn menn.



Framskrivning av befolkningsutviklinga i Skjåk


Framskrivninga under viser at utviklinga vil halde fram, men i tillegg til sjølve nedgangen er det endringar i samansetting som gjev stor grunn til merksemd. Den yrkesaktive delen av befolkninga kan nemleg koma til å gå ned med om lag 250 personar samtidig som talet på pensjonistar aukar med om lag 110, og heile auken blant pensjonistane kjem i aldersgruppa 80 år + (Data frå SSB).

Skjåk kommune må i si planlegging og i sine strategiske val, legge dei forventa endringane i demografien til grunn. Dette viser at kommuneplanens bodskap om

at det er viktig å etablere gode nærmiljø, fleire bustadar, gode tenester og ikkje minst arbeidsplassar, for å få til ei meir positiv utvikling i folketalet. Dette er eit omfattande arbeid.

Samfunnssdelen av den rullerte kommuneplanen for Skjåk kommune er vedteken for planperioden 2017-2028. Føresetnaden er at planen skal rullerast i kvar kommune-styreperiode. I rullert plan blir det peikt på utfordringar knytt til folketalsutvikling og ei skeiv folketalssamsetjing, klima og miljø og migrasjon.

Folketalsutvikling






**Det er gledeleg å sjå
at yngre med høg
kompetanse er
interesserte og finn
glede av å bu i Skjåk
og ta del av
samfunnslivet her.**



Folketalsframskrivning



Figuren over viser folketalsprognose fram til 2040. Sjølv om utviklinga kan synast dyster, er det ein peikepinn om at kommunen må halde fram med eit målretta arbeid for at folk vil ønskje å busette seg i Skjåk.



Figuren over viser at nedgangen er størst i gruppa 18-66 år, altså den yrkesaktive delen av befolkninga. Det er viktig å skape arbeidsplassar, gode bumariljø og ikkje minst gode tenester.



2 / Mål og resultat

Mål og resultat

Kommunen sine utfordringar, innsatsområde og strategiske mål 2024-2028 og prioriteringar for 2024 er i forankra i dokumenta Kommuneplanen 2017-2028 og Økonomiplan og budsjett 2024-2027.

Strategiske mål 2024–2028

Skjåk kommune har godt utbygde kommunale tenester. Ressursinnsatsen er høg samanlikna med mange andre kommunar. Skjåk kommune prioriterer tiltak som skal gjere Skjåk til ein meir attraktiv plass å bu. Kommunen har eit aktivt samarbeid med andre kommunar i regionen, og dette er naudsynt for å sikre innbyggjarane gode tenester.

STRATEGISK MÅL 2024-2028

1. Resultat – økonomi

Resultat: Korrigert for premieavvik er resultatet 1,3 %. Kommunen fekk eit stort positivt premieavvik grunna høg avkastning frå KLP. Netto driftsresultat for 2024 er på -2,9 %. Det negative driftsresultatet skuldast i hovudsak rebudsjettering av større driftsprosjekt frå 2023. I 2024 er det meirforbruk i sektoren for Helse og Omsorg, og kommunen har mindre konsejsjonskraftinntekter enn førre år. Samtidig har kommunen mindreforbruk innan andre område, meirinntekter frå skatt og rammeoverføringer, samt høg avkastning frå KLP som gjer at ein totalt sett kjem betre ut enn budsjettet.

2. Samarbeid med andre

Skjåk kommune skal vere ein aktiv pådrivar og deltar i regional utvikling og samarbeid så lenge dette er formålstenleg. Kommunen skal styrke samarbeidet vestover. Kommunen inndeiar samarbeid med nabokommunane når dette er naudsynt for å gje effektive tenester av høg kvalitet.



3. Klima, miljø, naturforvaltning og samfunnstryggleik

Klima- og miljøplanen er Skjåk kommune sin plan for omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Planen har realistiske målsetningar og strategiar for korleis Skjåk kommune skal klare dette. Klima- og miljøplanen skal oppfylle nasjonale og statlege føringar og forventningar til klima og energiplanlegging. Denne tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål, spesielt mål 11, 12, 13 og 17. Klima- og miljøplanen skal fungere som ein sjølvstendig kommunal temaplan og skal brukast som underlag for alle avgjersler som kjem inn på klima- og miljø i kommunen. Den skal ligge til grunn for all kommunal verksemd. Planen skal legge føringar for politiske avgjersler og andre planar som blir utarbeidd. Innsatsområda i planen er:

- Energiforsyning og energibruk i kommunale bygg
- Kommunale innkjøp forbruk og avfall
- Haldningsskapande arbeid og innbyggjarinvolvering
- Stadutvikling, arealbruk og transport
- Klimasmart næringsliv, jordbruk og skogbruk

4. Flyktningar

God integrering av flyktningane, med gode bustader, tilpassa opplæring og tilfredstillande barnepass.

5. Barn og unge

Barn og unge skal ha eit godt oppvekstmiljø som styrkar heimstadkjensla og som gjev gode, trygge og stimulerande oppvekstvilkår der det blir lagt til rette for leik og læring i trygge omgjevnader. Det skal leggast vekt på førebygging og tidleg innsats. Dette vil styrke heimstadkjensla.

6. Helse- og omsorg

Fagleg gode og målretta tenester og eit godt samspele med spesialisthelsetenestene slik at innbyggjarane får dei tenestene dei treng – på rett nivå.

7. Samfunns- og næringsutvikling

Ein vekst i sysselsetting på 10 årsverk per år fram til 2028, til saman 100 årsverk i perioden. Dette kan skje gjennom utviding av eksisterande verksemder, gjennom nyetableringar og gjennom auka communal aktivitet. Innbyggjarane skal ha eit breitt tilbod av kulturaktivitetar og folkehelsetilbod. Det skal leggjast til rette for aktivitetar og nærmiljøanlegg der folk bur. Potensialet for kultur i næring må utnyttast.



3

Prioriteringar 2024

Kommunen jobbar med mange ulike oppgåver i tillegg til å halde i gang den ordinære drifta i tenestene. Fleire av prioriteringane handlar om å sikre ein betre økonomi, auke kvalitet i tenestene og trivsel for innbyggjarane våre. Under er det liste opp nokre prioriteringar og hendingar det vart jobba med i 2024:

- Arbeidsgruppe i Institusjon og heimesjukepleie som arbeider systematisk med å redusere sjukefråværet
- BTI (Betre Tverrfagleg Innsats), ein samarbeidsmodell som skal sikre betre og meir koordinert innsats ovanfor barn, unge og familiær
- St.m.15 «Leve hele livet» og St.m.24 «Bu trygt heime» og Strategien for helse- og omsorg 2022-2030
- Bismotunet bufellesskap drifta kantina på skulen i eit samarbeid med privat næringsliv
- TØRN – Rusta for framtida, kommunen har fokus på kva oppgåver som kan løysast av helsetenestene i heimen, og kva som kan løysast i samarbeid med andre tenester i heimen
- Sysselsetting Lom og Skjåk samarbeider tett med Tenester for funksjonshemma(Skjåk)/ Miljøarbeidartenesta (Lom), Psykisk helse Lom og Skjåk, Flyktningtenesta i Skjåk/ Lom, Nav Lom og Skjåk og Lom Vgs.
- Førebyggande plan for oppvekst
- Laget rundt barnet – i samarbeid med SePU
- Styrking av byjaroplæringa
- Prosjektering av ny barnehage i Bismo
- «Alle dagar tel» - rettleiar for å førebygge og ta tak i skuleråvær.
- Vidareutvikling av kulturskulen som ein del av laget rundt barnet



Foto: Skjåk Folkebibliotek

Foto: S Eide

SOLFestivalen – Eit tiltak for å helse sola attende og samle bygda i ein lågterskel kulturfestival.

- Utvikling av kulturskulen saman med Kulturskulerådet
- Utvikling av biblioteket som samlingsstad og arena for kultur, samtale, debatt og samvær
- Skyløysingar, datatryggleik og fleksibilitet
- Opprusting av lokale og utstyr for kunst- og handverksfaget på skulen
- SOLfestivalen i veke 10 – Eit tiltak for å helse sola attende og samle bygda i ein lågterskel kulturfestival.
- Konserter med Reidar Svare og Bjørn Tomren
- Skjåkprisen vart delt ut til Ola Haugen, og Vemund Vang fekk kulturprisen.
- Sankthans på Maihaugen – Eit samarbeid mellom Skjåk kommune og Maihaugen
- Opning av Flaumvollen
- Opning av Dagsturhytta.
- Markering av TINE Lom og Skjåk 100 år.
- Rekrutteringsbustadane
- Offentleg toalett i Bismo.
- Prosjektering og oppstart av arbeidet med reservevassforsyning i Bismo
- Prosjekt etter uvêret «Hans»



4 / Årsrekneskap

Driftsresultat og netto driftsutgifter per rammeområde

Rekneskapen for Skjåk Kommune for 2024 syner eit negativt driftsresultat på -9,96 mill, som er 1,33 mill betre enn budsjettet. Korrigert for premieavvik er netto driftsresultat på 4,44 mill.

Avvik mellom opphaveleg og justert budsjett i 2024 kjem i hovudsak av rebudsjetterting av løvingar fra 2023. Dette gjeld blant anna tilskot til ny Dyringen Bru (10,7 mill) og Grønt ungdommens hus (2 mill). Innlemming av Brannvesenet i kommunerekneskapen frå 2024 har både effekt på budsjetterte inntekter og utgifter.

Driftsinntektene er 12,18 mill høgare enn budsjettet. Meirinntektene kjem i hovudsak av at statlege overføringer og skatteinntekter vart høgare enn budsjettet. Kommunen fekk 12,38 mill i konsesjonskraftinntekter, som er 5,6 mill lågare enn budsjett.

Årets driftsutgifter er 10,9 mill høgare enn budsjettet. Meirkostnadene er i hovudsak knytt til kjøp av varer og tenester

samt vikarkostnader og overtid. Samla budsjettavvik i ansvarsområda er 4,63 mill (ekskludert ansvar 600 finans og overføringer). Budsjettavvik i ansvarsområda er kommentert under eigne kapittel.

Kommunen fekk lågare utbytte frå Skjåk Energi enn det som var lagt til grunn i budsjettet. Samtidig er renteinntektene høgare enn forventa slik at netto finansutgifter er om lag som budsjettet.

I 2024 fekk kommunen rekordhøg avkasting frå KLP på over 12 mill. Den høge avkastninga fører til reduksjon i årets tekniske premieavvik, slik at samla premieavvik vart 14,4 mill. Dette gjev eit korrigert netto driftsresultat på 1,3 %. Kommunens langsigte mål er eit korrigert netto driftsresultat på 3 %. I desember 2024 vart det vedteke å endre handlingsregel til: «Netto driftsresultat skal tilsvare minst 1,75 % av brutto driftsinntekter». Netto driftsresultat i % av omsetnad i 2024 er -2,9 %.

Avkastninga frå KLP vart budsjettert som avsetning til disposisjonsfond, men er delvis stryke i årsavslutninga for å dekke årets meirforbruk.



Driftsresultat

Hovedoversikt

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Opphaveleg	Avvik	Rekneskap
	2024	2024	buds. 2024		2023
Driftsinntekter					
1 Rammetilskudd	100 284	105 438	105 438	-5 154	92 600
2 Inntekts- og formuesskatt	65 986	59 472	59 472	6 514	60 477
3 Eiendomsskatt	19 133	18 000	18 000	1 133	17 889
4 Andre skatteinntekter	21 950	20 410	20 410	1 540	20 871
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	24 775	17 564	17 564	7 211	16 238
6 Overføringer og tilskudd fra andre	60 854	52 003	48 496	8 851	50 440
7 Brukerbetalinger	9 421	9 680	9 680	-259	9 676
8 Salgs- og leieinntekter	40 471	48 124	47 802	-7 653	48 905
9 Sum driftsinntekter	342 874	330 691	326 862	12 183	317 097
Driftsutgifter					
10 Lønnsutgifter	174 153	171 300	166 903	2 853	158 098
11 Sosiale utgifter	44 056	44 623	42 385	-567	31 501
12 Kjøp av varer og tjenester	91 035	82 212	73 234	8 823	82 417
13 Overføringer og tilskudd til andre	25 656	25 873	23 769	-217	24 357
14 Avskrivninger	17 676	17 668	16 768	8	15 356
15 Sum driftsutgifter	352 576	341 676	323 059	10 900	311 730
16 Brutto driftsresultat		-9 702	-10 985	3 803	5 367

**Driftsresultat forts.**

Beløp i 1000	Rekneskap	Budsjett	Opph.	Avvik	Rekneskap
	2024	2024	buds. 2024		2023
Finansinntekter					
17 Renteinntekter	14 276	12 870	12 870	1 406	11 641
18 Utbytter	2 469	3 000	3 000	-531	2 568
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Finansutgifter					
20 Renteutgifter	19 456	18 624	18 624	832	12 420
21 Avdrag på lån	15 224	15 224	15 224	0	12 443
22 Netto finansutgifter	-17 935	-17 978	-17 978	43	-10 654
23 Motpost avskrivninger	17 676	17 668	16 768	8	15 356
24 Netto driftsresultat	-9 961	-11 295	2 593	1 334	10 070
Netto driftsresultat i % av omsetnad	-2,9 %	-3,4 %	0,8 %	0,5 %	3,2 %
Premieavvik	14 403	15 212	5 714	-809	-9 000
Netto driftsresultat korrigert for premieavvik	4 442	3 917	8 307	525	1 070
Netto dr.res korrigert for premieavvik i % av omsetnad	1,3 %	1,2 %	2,5 %	0,1 %	0,3 %
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:					
25 Overføring til investering	4 215	4 100	750	115	20 275
26 Avsetninger til bundne driftsfond	11 657	8 853	20 259	2 804	9 493
27 Bruk av bundne driftsfond	-15 484	-15 237	-25 735	-247	-10 612
28 Avsetninger til disposisjonsfond	19 267	19 932	8 119	-665	21 985
29 Bruk av disposisjonsfond	-29 616	-28 943	-800	-673	-31 072
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-9 961	-11 295	2 593	1 334	10 070
32 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0

**Netto driftsutgifter per ansvarsområde**

Beløp i 1000	Rekneskap 2024	Busjett 2024	Opphaveleg budsjett	Avvik	Rekneskap 2023
100 Kommunedirektør	8 961	9 113	9 113	-152	9 082
103 Personal og organisasjonsutvikling	2 573	3 170	3 170	-597	2 877
104 Økonomi	4 560	4 594	4 594	-34	4 023
200 Oppvekst og utdanning	19 240	20 223	20 223	-983	19 594
201 Flyktninger	7 039	7 183	7 183	-144	7 240
211 Dønfoss barnehage	4 832	4 760	4 760	72	4 881
213 Bismo barnehage	12 846	12 930	12 930	-84	12 450
220 Skjåk barne og ungdomskule	28 167	26 998	26 998	1 169	27 801
240 Kulturskule	1 937	2 146	2 146	-209	1 902
300 Helse og omsorg	4 606	4 168	4 168	438	4 297
310 Institusjon og heimesjukepleie	41 707	39 613	39 613	2 094	42 336
320 Heimetenester til funksjonshemma	19 462	17 175	17 175	2 287	18 412
330 Helsetasjon	2 827	2 779	2 779	48	2 655
331 Nav	2 938	3 543	3 543	-605	2 649
332 Barnevern	5 529	5 805	5 805	-276	5 679
350 Helsetenester	15 030	13 307	13 307	1 723	15 452
400 Miljø og samfunnsutvikling	9 624	9 990	11 073	-366	9 336
410 Kultur	1 327	1 588	1 588	-261	1 466
420 Teknisk var	7 215	6 099	5 988	1 116	7 692
430 Teknisk drift	27 617	28 335	28 335	-718	26 415
450 Landbruk og næring	336	226	226	110	427
600 Finans og overføringer	-228 372	-223 745	-224 717	-4 627	-226 663
TOTALT	0	0	0	0	0
Kommunedirektør og stab	16 093	16 877	16 877	-784	15 981
Oppvekst og utdanning	74 061	74 240	74 240	-179	73 868
Helse og omsorg	92 098	86 390	86 390	5 708	91 479
Miljø og samfunnsutvikling	46 119	46 238	47 210	-119	45 335
Finans og overføringer	-228 372	-223 745	-224 717	-4 627	-226 663
	0	0	0	0	0




Kraftinntekter

Kraftinntektene er viktige for Skjåk kommune for å kunne oppretthalde eit høgt driftsnivå i tenestene. Kommunen får kraftinntekter blant anna i form av sal av konsesjonskraft, naturressursskatt, konsesjonsavgifter og renter og utbytte frå Skjåk Energi.

Konsesjonskraftinntektene kan være svært varierande frå år til år. I 2024 fekk kommunen 12,38 mill i konsesjonskraftinntekter, som er 5,6 mill lågare enn budsjett.

Konsesjonskraftinntekter

Beløp i 1000





<i>Beløp i 1000</i>	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2020	2021	2022	2023	2024
Konsesjonsavgift	8 152	8 230	8 413	8 442	9 651
Konsesjonskraft	2 926	10 941	29 268	21 100	12 375
Eigendomsskatt	16 170	16 642	16 163	16 337	17 637
Naturressursskatt	11 883	12 060	12 061	12 429	12 300
Renter avtalekraft Skjåk Energi	2 528	2 698	2 857	3 007	4 196
Utbytte frå selskap	725	1 148	3 493	2 300	2 307
Avdrag på andre utlån	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
TOTAL	44 384	53 719	74 255	65 615	60 465

Gjeldsutvikling og gjeldsgrad

Vedteke handlingsregel seier at brutto lånegjeld ikkje skal overstige 100 % av brutto driftsinntekter. Grunna store investeringar i seinare år ligg gjeldsgraden til kommunen godt over dette målet i 2024. I den kommande planperioden er det planlagt fleire større investeringar som vil auke gjelda og gjeldsgraden ytterlegare. I

desember 2024 var det vedteke følgjande tillegg til handlingsregel om gjeldsgrad: «Brutto lånegjeld skal generelt ikkje overstige 100 % av brutto driftsinntekter. På grunn av store investeringsbehov vil gjeldsgraden kunne være opp til 140 % i 2026. Gjeldsgraden skal deretter gradvis byggast nedover mot 100 %.»

Gjeld

<i>Beløp i 1000</i>	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2020	2021	2022	2023	2024
Gjeld (eks. pensjon) i 1000 kr	252 600	258 900	254 300	312 100	398 200
Gjeldsgrad	99 %	94 %	82 %	98 %	116 %



Investeringar

Tabellen syner ei oversikt over bokførte kostnadars per prosjekt i 2024 og året før.

Prosjekt som ikkje er fullførte i 2024 vil bli rebudsjettert i 2025. Prosjekt og status er omtala under kapittel for Miljø og Samfunnsutvikling.

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000	Rekneskap	
	2024	2023
115 Regiondata	79	232
186 Enøk tiltak	1 164	0
206 Teknisk traktorar og utstyr	426	0
228 Utskifting av gatelysarmatur	0	88
283 Kommunehuset cellekontor psm teknisk kultur	688	18
288 Skulen formingsavdeling ombygging og utstyr	419	0
292 Dønfoss var	9 054	776
293 Uppnose nytt vassverk inkludert prosjektering	0	255
298 Bilpark	580	943
405 Skjåkheimen overvasshandtering	0	2 225
410 Skei tomteområde	210	434
411 Sentrumsplan Bismo	2 172	0
416 Bismo vassverk m/ledningsnett	316	119
420 Skjåkhallen	80 971	60 015
433 Bismo renseanlegg inkludert septikmottak	0	282
450 Bustader 3 stk (sal inntil 7 stk)	695	12 449
545 Gamleheimstrædet - aktivitetar (spillemidler)	248	0
751 Bilpark - lom og skjåk brannvesen	7 184	0
778 Skjåk barnehage	1 039	0
850 Flom	12 776	23 214
851 Flaumførebyggingen billingen	216	966
612 NGR eigenkapital	216	0
615 Eigenkapitalinnskot klp	818	733
618 Aksjar abakus as	224	0
SUM	119 493	102 748



Fond

Beløp i 1000	31.12.2024	Bevegelse	31.12.2023
Disposisjonsfond	52 489	-7 590	60 079
Bundne driftsfond	27 444	-4 976	32 420
Ubundne investeringsfond	18 424	-2 282	20 706
Bundne investeringsfond	2 166	1 402	764
Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	1 213	0	1 213
Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	-2 930	0	-2 930
Summert	98 807	-13 446	112 252
Herav likviditetsreserve	23 739	0	23 739
Herav fondsmidlar	75 068	-13 446	88 513

Tabellen over viser netto bevegelse i fond i 2024. I samband med rekneskapsavslutning er der gjort ei opprydding under bundne driftsfond. Fond som gjennom minst 3 år har stått utan bevegelse er no avslutta og overført til disposisjonsfond. Brannvesenet sine fondsmidlar er og teke inn i balansen til kommunen frå 01.01.24.

Fondet for flyktningmidlar er styrka med 5,84 mill i 2024. Kommunen får heile tilskotet før utgiftene påløper og resterande

midlar ved årsslutt blir derfor avsett på fond for å dekke utgiftene i påfølgande år.

Kommunen har ei høg likviditetsreserve. Målet er at likviditetsreserve skal vere minst 8,3 % av brutto driftsutgifter. Per 31.12.24 er likviditetsreserven 23,7 mill, som tilsvarer 6,7 % av brutto driftsutgifter i 2024.

Per 31.12.24 står det igjen følgjande som udisponerte midlar på sentrale fond:

Udisponerte midlar på fond

Beløp i 1000	31.12.2024	Bevegelse	31.12.2023
Næringsfondet inkl. grunnfond	13 120	3 035	10 085
Disposisjonsfondet inkl. grunnfond	16 230	6 752	9 478
Ubunde kapitalfond	5 186	-1 404	6 590



Balanse

Balansepstane er spesifisert nærmere i notene som følgjer rekneskapen for 2024. Rekneskapen med noter er publisert på heimesida til Skjåk kommune.

Balanse

<i>Beløp i 1000</i>	Note henvisning	Rekneskap 2024	Bevegelse	Rekneskap 2023
EIENDELER				
A. Anleggsmidler		1 153 026	150 680	1 002 346
I. Varige driftsmidler		588 857	98 828	490 029
1. Faste eiendommer og anlegg	22	577 557	93 746	483 811
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	22	11 300	5 081	6 219
II. Finansielle anleggsmidler		126 594	2 553	124 041
1. Aksjer og andeler	23	24 609	1 393	23 215
3. Utlån		101 985	1 159	100 826
III. Immaterielle eiendeler		0	0	0
IV. Pensjonsmidler	5	437 575	49 300	388 275
B. Omløpsmidler		198 423	-10 138	208 561
I. Bankinnskudd og kontanter		170 833	22 551	148 282
II. Finansielle omløpsmidler		0	0	0
III. Kortsiktige fordringer		27 590	-32 689	60 279
1. Kundefordringer		3 302	-4 681	7 984
2. Andre kortsiktige fordringer		19 956	-14 054	34 010
3. Premieavvik	5	4 332	-13 954	18 285
Sum eiendeler		1 351 449	140 542	1 210 906

**Balanse forts.**

<i>Beløp i 1000</i>	Note henvisning	Rekneskap 2024	Bevegelse	Rekneskap 2023
EGENKAPITAL OG GJELD				
C. Egenkapital		467 803	8 502	459 301
I. Egenkapital drift		79 933	-12 566	92 499
1. Disposisjonsfond		52 489	-7 590	60 079
2. Bundne driftsfond	17	27 444	-4 976	32 420
II. Egenkapital investering		20 590	-880	21 470
1. Ubundet investeringsfond		18 424	-2 282	20 706
2. Bundne investeringsfond		2 166	1 402	764
III. Annen egenkapital		367 279	21 948	345 332
1. Kapitalkonto	16	368 996	21 948	347 049
2. Prinsippandringer som påvirker arbeidskapitalen drift	18	1 213	0	1 213
3. Prinsippandringer som påvirker arbeidskapitalen investering	18	-2 930	0	-2 930
D. Langsiktig gjeld		836 437	144 230	692 206
I. Lån		398 213	86 084	312 129
1. Gjeld til kreditinstitusjoner	19	398 213	86 084	312 129
II. Pensjonsforpliktelse	5	438 224	58 146	380 078
E. Kortsiktig gjeld		47 209	-12 190	59 399
I. Kortsiktig gjeld		47 209	-12 190	59 399
1. Leverandørgjeld		16 632	-8 024	24 656
4. Annen kortsiktig gjeld		30 577	-4 165	34 743
Sum egenkapital og gjeld		1 351 449	140 542	1 210 906

F. MEMORIAKONTI

I. Ubrukte lånemidler		52 407	15 498	36 909
II. Andre memoriakonti		2 555	72	2 483
III. Motkonto for memoriakontiene		-54 962	-15 569	-39 392



5 / Organisasjonen

I dette kapitelet er personalgruppa, sjukefråvær, arbeidsforhold, likestillings- og diskrimineringsarbeid og internkontroll tema. Skjåk kommune skal vere ein effektiv organisasjon som har tilsette med høg kompetanse, og eit arbeidsmiljø som stimulerer til kreativitet, fagleg og personleg utvikling og trivsel. For å få til ein god organisasjon er det naudsynt med ei tett oppfølging av leiarane i kommunen, og å ha eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Kommunedirektøren har jamlege møte med leiarar, tillitsvalde og verneombod. Partane i communal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. I Skjåk kommune er det ei målsetting å ha ein god og open dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde/ verneombod.

Dei siste åra har heimekontor og digitale

møte vorte vanlegare også i communal sektor. Vi ser at det i ein del tilfelle er langt mindre ressurskrevjande å gjennomføre møte digitalt, og dette kan spare oss for både tid og pengar. Det likevel viktig å ha den daglege kontakten med kvarandre, for saman skape eit godt arbeidsmiljø, ha god informasjonsflyt og halde kontakt i ein travel kvardag.

Sjukefråvær

Skjåk kommune hadde ei kraftig auke i sjukefråværet i samband med pandemien. Etter pandemien har det vore fokus på tiltak både på system- og individnivå, og vi ser at fråværet gjekk gradvis nedover etter 2022. Samla fråvær i 2024 er på 7,6%. Dette er det lågaste fråværet vi har hatt etter pandemien i 2020. Det er langtidsfråværet som dreg opp, og korttidsfråværet ligg lågt innan dei fleste tensteområda. Fråværet ligg ofte høgare i vinterhalvåret. Det er eit mål å få fråværet ned på same nivå som vi hadde før pandemien, med rundt 6%.

Kommunen har ein eigen plan for tenester frå bedriftshelsetenesta. Gjennom tiltak vi har jobba med som IA-kommune over fleire år er målsettinga å vere ein meir inkluderande arbeidsplass der overordna mål er å førebyggje og redusere

Sjukefråvær

2020	2021	2022	2023	2024
10,2 %	8,7 %	9,3 %	7,8 %	7,6 %



Tilsette

Ansvar	Menn	Kvinner	I alt
100 Kommunedirektør	1	0	1
103 Personal og organisasjonsutvikling	0	4	4
104 Økonomi	1	4	5
200 Oppvekst og utdanning	4	7	11
201 Flyktninger	0	6	6
211 Dønfoss barnehage	0	7	7
213 Bismo barnehage/ Holemark barnehage	0	22	22
220 Skjåk barne og ungdomskule	7	39	46
240 Kulturskule	6	4	10
300 Helse og omsorg	1	3	4
310 Institusjon og heimesjukepleie	1	58	59
320 Heimetenester til funksjonshemma	7	25	32
330 Helsestasjon	0	9	9
331 Nav	1	5	6
350 Helsetenester	2	10	12
400 Miljø og samfunnsutvikling	25	1	26
410 Kultur	0	1	1
420 Teknisk var	3	0	3
430 Teknisk drift	8	11	19
450 Landbruk og næring	3	4	7
Totalt	70	220	290


sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet. Leiarane er viktige både i førebygging og oppfølging av sjukmeldte. Sjukefråvær er fast tema på møte i arbeidsmiljøutvalet. Sjukefråværsarbeid og nærværarsarbeid er også tema på møte og ulike opplegg med leiarar, tillitsvalde og verneombod gjennom året.

Personalet

I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2024 totalt 227 årsverk, dette er fordelt på 290 tilsette, 220 kvinner og 70 menn. Dette er ei auke på 9 årsverk frå 2023. Årsak til aukinga er mellom anna at brannvesenet vart ei undereinheit til Skjåk

kommune frå 01.01.24.

Kommunen har eit ynskje om å vere i takt med samfunnet når det gjeld samansettning av dei tilsette, og skal i størst mogleg grad avspegle mangfaldet i befolkninga. Ein kan likevel sjå ei skeiv kjønnsfordeling i fleire sektorar. Skjåk kommune har få tilsette menn innan helse og omsorg, skule og barnehage. Teknisk er også eit område der kommunen har tradisjonell kjønnsfordeling, sjølv om det kan sjå annleis ut på statistikken. Alle vaktmeistrane våre er menn, og fleirtalet av dei faste tilsette reinhaldarane våre er kvinner. Tiltak for å få ei jamnare kjønnsfordeling er mest aktuelt ved nytilsettingar. I tilsettings-saker har kommunen fokus på det som går



I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2024 totalt **227 årsverk**, fordelt på **290 tilsette**.

Samla fråvær i 2024 er på **7,6%**. Dette er det **lågaste fråværet** vi har hatt etter pandemien i 2020.



fram i likestillings- og diskrimineringslova om adgang til positiv særbehandling som tiltak for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Positiv særbehandling ved tilsetting er berre tillate dersom den som særbehandlast har tilnærma like kvalifikasjoner som den som elles ville fått stillinga.

Skjåk kommune har stabil arbeidskraft, og innan dei fleste tenesteområde er det lite utskifting av tilsette. Vi ser likevel at rekruttering har vorte meir krevjande dei siste åra. Dette gjeld fleire yrkesgrupper, og vi kan nemne mellom anna sjukepleiarar, der det er svært krevjande.

Skjåk kommune har mange tilsette med høgskule- og fagskuleutdanning, og vi ser at vi dei siste åra har fått fleire tilsette med master enn det var berre for få år attende. Den gruppa vi har færrest i, er ufaglærde. Det tyder på at det er høg kompetanse blant dei tilsette.

Kommunen har eige kompetanseutval. Utvalet fattar enkeltvedtak om økonomisk støtte til utdanning. Det er to søknadsfristar i året. I tillegg til kommunen sitt kompetanseutval er det ulike støtteordnин-

gar for andre utdanningsløp.

Vi hadde fire lærlingar ved utgangen av 2024, desse er fordelt på to fag og alle er kvinner. Det har vore ein nedgang i talet på læreplassar frå året før, og vi ser at det dei siste åra har vorte færre søkerar til læreplassar i kommunen.

I desember 2024 hadde vi ei markering av tilsette som har vore tilsett i 25 år. På denne markeringa fekk sju tilsette gåvekort og helsing frå ordførar for lang og tru teneste i kommunen.

Den daglege kontakten med kvarandre ute på tenesteområda er viktig for saman å skape eit godt arbeidsmiljø. Det er og viktig å ha fokus på ulike trivselstiltak utanom arbeidsdagen, dette vil vere med å medverke til arbeidsglede og jobbengasjement. Dei tilsette er vår viktigaste ressurs.

Arbeidstid

Av 290 tilsette, er det 143 tilsette som arbeider deltid. I oversikta under er faste tilsette og vikarar som er tilsett i ein bestemt stillingsstorleik medrekna. Vikarar på timebasis er ikkje medrekna her.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik

	2020	2021	2022	2023	2024
Gjennomsnittleg stillingsstorleik kvinner	82,0 %	80,0 %	87,2 %	82,0 %	75,9 %
Gjennomsnittleg stillingsstorleik menn	82,0 %	84,0 %	79,8 %	87,0 %	24,0 %



Det er ein markant nedgang i gjennomsnittleg stillingsstorleik for menn frå 2023 til 2024. Årsaka til dette er nedgangen er at brannvesenet vart ei undereinheit til Skjåk kommune frå 01.01.24. Her er stillingsstorleiken for mannskapet svært liten, og dette gjer stort utslag på den gjennomsnittlege stillingsstorleiken.

Det er framleis mange tilsette i Skjåk kommune som arbeider deltid, men kommunen arbeider aktivt for å redusere bruk av uynskt deltid for tilsette i heile kommunen. Samstundes som vi arbeider aktivt for at tilsette skal få arbeide i større stilling, ser vi framleis mange, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i reduserte stillinger. Ein del av dei som jobbar deltid gjer dette av helsemessige grunnar. Fleirtalet av dei som jobbar deltid jobbar over 60 % stilling.

Vi har tenesteområde, som i kulturskulen, der fleirtalet av dei tilsette arbeider deltid. I kultur-skulen er det ei breidde i tilbod som krev ulik kompetanse, dette gjer det utfordrande å ha fleire heiltidsstillingar.

Likestillings- og diskrimineringsarbeid og etisk standard

Skjåk kommune arbeider aktivt for å fremje likestilling. Som arbeidsgjevar er det viktig å ha fokus på å hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Personalhandboka for Skjåk kommune

har eit eige kapittel om livsfasetiltak. I den årlege medarbeidarsamtala mellom tenesteleiari og tilsett skal det drøftast livsfaserelaterte problemstillingar. Tenesteleiari og den enkelte tilsette finn i fellesskap ut kva som kan/bør gjerast for at arbeidssituasjonen blir god. Det går fram at arbeidsgjevar skal ha eit spesielt fokus på oppfølging av gravide og eldre tilsette. Skjåk kommune er ein arbeidsgjevar som legg vekt på at det skal vere mogleg å kombinere arbeid og familieliv. Tiltak kan vere knytt til tilrettelegging av arbeidstid, bruk av heimekontor og andre løysingar leiari og tilsett saman kjem fram til.

Skjåk kommune skal ha ei tillitskapande forvaltning med høg etisk standard, og kommunen har eigne etiske retningslinjer. Retningslinene er underskrive av ordførar, kommunedirektør og hovudverneombod, og skal bidra til ei bevisstgjering av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre haldningar og handlingar påverkar den tilliten som innbyggjarane har til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Dette er også moment som vert veklagt i rekrutteringssamanhang gjennom intervju og tilsetting. Det går fram i retningslinjene at Skjåk kommune tek aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakkassering. Retningslinene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samstundes skape refleksjon hjå den enkelte.

Det går fram av dei etiske retningslinjene at vi viser respekt for alle menneske, vi



brukar fag- kunnskap og skjønn i arbeidet vårt og behandler alle likeverdig.

Kommunen har og eige retningslinjer som skal bidra til førebygging og sikre god handtering av vald og truslar mot tilsette.

Internkontroll

Kommunelova § 25-2 seier at kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll. Gjennom å nytte årsmeldinga til rapportering ynskjer kommunedirektøren å gje internkontroll ekstra merksemd.

Kommunen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Gjennom kommuneplanen vert dei viktige mål og oppgåver i kommunen sett. Planen inneheld ein langsiglig og ein kortsiglig del og bygger på dei økonomiske og ressursmessige føresetnadene som er lagt for gjennomføringa.

Den langsiglige delen består av mål og hovudstrategiar for:

- Skjåk-samfunnet mot år 2028 – Visjon og mål for utviklinga.
- Kommunen som utviklingsaktør og tenesteprodusent.
- Kommuneplanens arealdel – forvalting av areal og naturressursar.

Den kortsiglige delen av kommuneplanen består av økonomiplan med handlingsprogram som inneheld delstrategiar og tiltak som bygger på den langsiglige delen. Kommunedel- og sektorplanar konkretiserer tiltak innanfor rammene som den

overordna kommuneplanen set.

Delegeringsreglementet for Skjåk kommune beskriv ansvarsfordeling mellom politikk og administrasjon og kva som er ansvarsområda for dei ulike politiske utvala og administrative einingane.

Helse, miljø og tryggleik.

Mål for helse, miljø og tryggleiksarbeidet i Skjåk kommune er definert i personalhandboka:

- Den einskilde arbeidstakar tek initiativ til sjølv å løyse arbeidsmiljøproblem som gjeld eigen og fellesarbeidsplassar
- Kvar einskild arbeidstakar tek ansvar og initiativ for å auke eigen og andre sin trivsel på arbeidsplassen
- Alle avvik som er blitt registrerte ved internkontroll blir handterte og lukka fortløpande

Delegeringsreglement

Delegeringsreglementet er eit av dei sektorovergripande reglementa som alle kommunar må ha på plass. Kommunelova § 25-1 første ledd seier at kommunen skal ha internkontroll for å sikre at lover og forskrifter følgast. Vidare seier kommunelova § 25-1 a) at det skal utarbeidast ei beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering. Det viktigaste verkemiddelet for å dokumentere og tydeleggjere hovudoppgåver, organisering og ansvarsfordeling etter desse lovkrava er delegeringsreglementet.

Delegeringsreglement består av to delar, det politiske og det administrative



delegeringsreglementet. Her er det strengt tatt berre det administrative delegeringsreglementet som hører under internkontrollen. Men, det politiske og det administrative delegeringsreglementet må likevel sjåast i samanheng med omsyn til korleis ansvaret er fordelt mellom politikk og administrasjon.

Kommunelova § 25-1 b) stiller krav om å ha nødvendige rutinar og prosedyrar. Dei viktigaste prosedyrane og rutinane bør vera fastsett skriftleg for sikre ein heilskapleg tenesteproduksjon og forvaltning.

Prosedyrane og rutinane skal vera kjent og tilgjengeleg for dei tilsette. Til dette formålet nyttar Skjåk kommune dokument modulen i Compilo som inneheld kommunen sine rutinar og prosedyrar, reglement og instruksar. Dokumenta i dokumentmodulen er sortert på tenesteområde og alle tilsette har tilgang dokumentmodulen.

Avvikssystem

Ein viktig del i arbeidet med internkontrollen er å avdekke og følge opp avvik. Kommunelova § 25-1 c) stiller krav om å «avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik». Evne og vilje til å lære av uønska hendinger, «avvikshandtering» er ein sentral del av kommunen sitt kvalitets- og forbettingsarbeid. Skjåk kommune nyttar avviksmodulen i Compilo til å handsame avvik. Alle tilsette har tilgang til å skrive avvik. Leiarane er ansvarlege for å handsame avvik innan eige ansvarsområde. Avvikssystemet er hierarkisk oppbygd slik at avvik som ikkje kan løysast på teneste-

leiarnivå kan sendast vidare til kommunalsjefnivå. Kommunalsjefane kan i sin tur løfte avvika vidare til kommunedirektør om dette er ynskjeleg. Men, som utgangspunkt skal avvika helst løysast på eit lågast mogleg nivå, nærmast mogleg brukaren eller den tilsette.

I utgangspunktet er det berre den som har skrive avviket og den som er ansvarleg for handsame avviket som har lesetilgang til avviket. Men dersom den som melder avviket kryssar av for at det er eit HMS avvik vil og verneombod få lesetilgang til avviket.

Det er stor forskjell på dei ulike tenesteområda på kor aktivt avvikssystemet blir brukt. Og sett under eitt burde nok avvikssystemet vore enda meir brukt. Men, det har vore ei positiv utvikling dei siste åra. For dei siste tre åra fordeler totalt antal meldte avvik for heile kommunen seg slik:

- 2021: 40 avvik
- 2022: 142 avvik
- 2023: 156 avvik
- 2024: 142 avvik



Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.

Alle leiarar i Skjåk kommune skal sjå til at eigne og underordna sitt arbeid blir planlagt og utført i samsvar med interne instruksar, prosedyrar, rutinar, lov og forskrifter. Fleire lover og forskrifter er relevante for helse, miljø og tryggleiksarbeidet. Desse er nokre av dei mest sentrale og ligg med lenke på Compilo.

- Arbeidsmiljøloven
- Forskrift om organisering, ledelse og medvirkning
- Forskrift om administrative ordninger
- Forskrift om utføring av arbeid
- Internkontrollforskrifta

I tillegg kjem krav i meir spesifikke forskrifter og ulike særlover. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har eit særskilt ansvar for det systematiske HMS arbeidet i Skjåk kommune. AMU skal sjå til at det systematiske HMS-arbeidet utførast etter lover, forskrifter og interne regler.

Dokumentasjon:

- Sakliste og møteprotokoll frå møta i AMU-utvalet blir lagt ut på innsynsløysinga på heimesida til Skjåk kommune.
- Oversikt over lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga ligg i Compilo under HR.

Revisjon av internkontrollen

Kommunelova § 25-1 e) stiller krav om å evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll. Internkontrollen er eit kontinuerleg arbeid. Jf. Internkontrollforskrifta § 5-8 skal kommunen foreta systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsett. Det er ikkje noko krav om korleis evalueringa skal gjerast eller kor ofte den skal gjerast.

Sett i samanheng med kravet om årleg rapportering til kommunestyret er det naturleg at revisjonen og blir gjort ein gong i året. Alle dokument som blir lagt inn i Compilo, vil automatisk bli lagt inn med 365 dagar revisjonsintervall. Dokumenta i dokumentmodulen i Compilo vert lagt inn med revisjonsansvar på stilling/rolle, slik at ansvaret følgjer stilling og ikkje person.



Status - Internkontroll Skjåk kommune:

Overordna Skjåk kommune - kommunedirektør

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Mangler enkelte dokument i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna i personalhåndboka.
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟡	Rutinar og prosedyrer vil i hovudsak ligge på dei ulike tenesteområdene. Men, vi bør og ha nokre felles rutiner og prosedyrer på overordna nivå, blant anna for internkontroll og GDPR.
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo. Bør brukast i større grad. Stort forbedringspotensial mhp oppfølging av avvik.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟡	Risikovurderingar manglar på fleire tenesteområder. Bør og ha ei overordna risikovurdering for Skjåk kommune
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟡	Fleire dokument som ikkje blir revidert.
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Rapportering i årsrapport. Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering.

HR

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Ligg i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert hausten 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo. Ingen dokument over frist
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	Ligg i Compilo.
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	I Compilo.
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟢	Ingen dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



- Alt OK (etablert, oppdatert og etterlevd)
- Ein del er på plass, men ein er ikke ferdig med arbeidet.
Det trengs oppdatering, eller det er ikkje kjent eller etterlevd i organisasjonen.
- Her har vi ein jobb å gjere!

Økonomi

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering	🟡	Skal leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	I Compilo. Rev. 12.04.2023
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟢	Eit dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Lom og Skjåk brannvesen

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering	🟡	Ligg i brannordning for Lom og Skjåk brannvesen. Dokumentet må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	I personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo.
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟡	Brannvesenet har ROS, men den dekker ikkje krava i kommunelova og internkontrollforskrifta. Ny ROS under arbeid
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟢	Ingen dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Skjåk barne- og ungdomsskule

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo. Fleire dokument over frist
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	Ukjent. Ikkje i Compilo.
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟡	Fleire dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Lom og Skjåk kulturskule

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟡	Har evakueringsprosedyre, må vurdere utbedring
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	I Compilo. Rev. 12.04.2023
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟡	ROS oppdatert. Ingen rutiner og prosedyrer å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Barnehagane

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo. Fleire dokument over frist
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	I Compilo. Rev. 30.03.2023
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟢	Ingen dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Vaksenopplæringa

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	Ukjent, ikkje i Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ingen dokument å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Flyktningetenesta

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	Ukjent, ikkje i Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ingen dokument å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Servicetorget og arkiv

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟢	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	I Compilo. Rev. 14.12.2022
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟢	Ingen dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Skjåk folkebibliotek

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	I Compilo. Rev. 13.04.2023
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟡	ROS oppdatert. Ingen rutiner og prosedyrer å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

IT

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Står eindel om oppgåver og organisering av tenesta i årsmeldinga. Overordna i kommuneplan, årsmelding og personalhandbok.
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟢	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023. Ny revisjon februar 2024
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. 1 avvik ført i 2023
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	ROS modulen i Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟢	Oversikt over dei mest sentrale lover og forskrifter ligg i Compilo under HR
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ingen dokument å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



GLIMT FRÅ 2024

FEBRUAR



Foto: Vegard Breie

SKIGLEDE

Grotli opnar skiheisen, og det er vinterferie for skuleelevene i Skjåk.



Foto: Skjåk folkebibliotek
MARS



Foto: Skjåk kommune / Hilde Kileland Mølmen

MØT EDEL ORDFØRAR

7. og 8. klassingane Celina, Margrete og Julie + Ronald møtte opp på «Møt Edel ordførar». Har du eit spørsmål, ein god ide eller ei sak du tykkjer er viktig for Skjåk kom og slå av ein prat med ordføraren.

APRIL

REISELIVSNÆRINGA

Reiselivs- og opplevingsbedriftene møttest til diskusjonar om reiselivsnæringa i Skjåk den 24. april 2024.

MARS

SOLFESTIVAL

Ei veke med Solfestival i Skjåk med SOLfest og familieday i Gamleheimstrædet. På bildet kan du sjå Arne Brimi som laga blåbærssuppe med raudost på bål.



Foto: Skjåk kommune



APRIL



Foto: Lom og Skjåk kulturskule

ROCK I KYRKJA

Lom og Skjåk kulturskule med rockekonsert i Norberg kyrkje.



Foto: Skjåk okmrnne

HEIDRA I SKJÅK

Skjåkmat vart heidra av kommunestyret i Skjåk. Dei vart på Noregsmeisterskapen i kjøtprodukt kåra som noregsmeistrar i spekemat i 2024.

JUNI

SANKTHANSEFTA

Skjåk kommune var medarrangør av Sankthanseftan på Maihaugen. Det var turlagstur, husflid og bakst, spikking, fele og toraderlæte, dans og song, gudbrandsdalsost Anno 1863 og marknad.



Sankthansfeiringa på Maihaugen 2024

Skjåk kommune var
medarrangør



Foto: Sigrun Eide

JULI



Foto: Skjåk kommune

SATS PÅ SKJÅK

Skjåk kommune har tilsett ein intern i prosjektet *Sats på Skjåk* for sommaren. Internen bidrog med innhaltsproduksjon, kommunikasjon og prosjektaktivitetar.



GLIMT FRÅ 2024

AUGUST



Foto: Tom Erik Solstad/Fjukken

KULTURSKULEN NY TEKST

SEPTEMBER



OPNING AV FLAUMVOLLEN
Offisiell opning av flaumvollen i
Bismo, tysdag 24. september med
statssekretær Elisabeth Sæter,
ordførar i Skjåk, Edel Kveen, og
vassdrags- og energidirektør
Kjetil Lund.

OKTOBER



Foto: Skjåk kommune

DAGSTURHYTTA

Dagsturhytta i Bismo vart offisielt
opna onsdag 2. oktober.

OKTOBER



FRA 1. JUNI



Foto: Skjåk Folkebibliotek

SKJÅK PÅ TOPP!

Sommerles er ein populær
nasjonal leselystaksjon med
heile 172 000 deltagarar. I
2024 var Skjåk på topp både
i Innlandet og Noreg når det
gjaldt oppslutning.



NOVEMBER



Foto: Skjåk Folkebibliotek

TRAFIKKSIKKERHEITSDAGEN

Om lag 70 personar møtte opp på foredrag ved Skjåk folkebibliotek i høve Trafikksikkerheitsdagen. 9. og 10. klasse ved Skjåk barne- og ungdomsskule var spesielt invitert.

LANG OG TRU INNSATS

Onsdag 27. november æra kommunen tilsette for lang og tru innsats i Skjåk kommune. (Det var også tilsette som ikkje kunne delta på markeringa)



Plakat: Skjåk kommune

NOVEMBER

100 ÅR MED GULL I GRYTER

Boklansering med Elias Sperstad. Randi Skjåkødegård, Synnøve Bismo Dagsgard og Per Thorstein Dagsgard sikra seg signerte eksemplar av den nye boka «Lom og Skjåk Dampsteri. 100 år med gull i gryter».



Foto: Skjåk Folkebibliotek

DESEMBER



Plakat: Skjåk kommune

JULEKONSERT

Julekonsert med Bjørn Tomren i Skjåkhallen.

SKJÅKPRISEN OG KULTURSTIPENDET

Skjåkpriisen gjekk i 2024 til Ola Haugen for hans store engasjement innan friviljug arbeid i bygda. Kulturstipendet for 2024 vart tildelt Vemund Vang, ein ung og talentfull durspelspelar.



Foto: Skjåk kommune



Institusjon - Skjåkheimen

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	●	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	●	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	●	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	●	I Compilo. Fleire dokument over frist
5	Avvikssystem	●	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemd	●	I Compilo. Risikovurdering Skjåkheimen Rev. 05.05.2023. Risikovurdering institsjonskjøken Rev 16.01.2023.
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	●	Ukjent
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	●	Bedriftshelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta
9	Årleg revisjon av internkontrollen	●	Fleire dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	●	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Heimesjukepleia

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	●	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	●	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	●	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	●	I Compilo. Enkelte dokument over frist
5	Avvikssystem	●	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemd	●	I Compilo. Rev. 05.05.2024
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	●	Ukjent
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	●	Bedriftshelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	●	Enkelte dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	●	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Heimetenester for funksjonshemma inkl. Bismotunet

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	●	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	●	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	●	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	●	Ukjent, ikkje i Compilo
5	Avvikssystem	●	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	●	I Compilo.
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	●	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	●	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	●	Ukjent, ikkje i Compilo
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	●	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Helsestasjon og legekontor

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	●	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	●	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	●	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	●	Eindel planer og prosedyrer for helsestasjon.
5	Avvikssystem	●	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt i tenesta
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	●	Risikoanalyser for teieplikt og personvern er i Compilo, må reviderast
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	●	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	●	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	●	Fleire dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	●	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Tildelingskontoret

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	●	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	●	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	●	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	●	I Compilo. Fleire dokument over frist
5	Avvikssystem	●	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemd	●	Ukjent, ikkje i Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	●	Ukjent
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	●	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	●	Fleire dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	●	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

NAV

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	●	Har eigne beskrivingar. Skal leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	●	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	●	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	●	Ukjent, ikkje i Compilo. Bruker eige system?
5	Avvikssystem	●	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023. Fører avvik i eige system?
6	Risikovurdering av eiga verksemd	●	I Compilo.
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	●	Ukjent
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	●	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	●	Ingen dokument å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	●	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Sysselsettingsgruppe

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Tenestebeskriving klar i løpet av våren 25. Skal leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna i personalhåndbok.
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟡	Lite i Compilo, må utbedres.
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ingen dokument å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Jordbruk

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo. Fleire dokument over frist
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Lite brukt. 1 avvik registrert i 2023
6	Risikovurdering av eiga verksemd	🟢	I Compilo. Rev. 08.11.2022
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟡	Fleire dokument over frist
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Skogbruk

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟡	GDPR ligg der, må utbedres
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	🟢	I Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ingen dokument å revidere
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Miljø- og Naturforvaltning

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟡	Ukjent, ikkje i Compilo
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	🟢	I Compilo. Rev. 06.03.2023
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Næring

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Næringsstrategi. Skal leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🔴	Må oppdaterast og leggast i Compilo
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	🟢	I Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Kultur

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🔴	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🔴	Må oppdaterast og leggast i Compilo
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	🟢	I Compilo. Rev. 23.12.2022
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ukjent, ikkje i Compilo
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



Informasjon

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Kommunikasjonstrategi klar i løpet av vår 25. Skal leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟡	Ligger litt i Compilo, må vurderast
5	Avvikssystem	🟡	I Compilo. Ingen avvik ført i 2023.
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	🟢	I Compilo. Rev. 20.04.2023
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🔴	Ikkje oppdatert
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

Teknisk avd. inkl. reinhald, vaktmeistertenester og prosjekt

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering	🟡	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟡	Ikkje i Compilo. Rutinar, prosedyrer og sjekklistar i eige fagsystem
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt innan tenesten
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	🟡	ROS for reinhald i Compilo
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseteneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseteneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟡	Ikkje oppdatert
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering



VVA

	Deloppgåve internkontroll	Status	Vurdering
1	Beskriving av verksemdas hovudoppgåver, mål og organisering	🟡	Må oppdaterast og leggast i Compilo
2	Fastsette mål for helse, miljø og tryggleik	🟢	Overordna for Skjåk kommune i personalhandboka
3	Delegeringsreglement	🟡	Administrativt delegeringsreglement sist oppdatert 31.10.2023
4	Nødvendige rutinar og prosedyrar	🟢	I Compilo. Fleire dokument over frist
5	Avvikssystem	🟢	I Compilo. Systemet blir aktivt brukt innan tenesten
6	Risikovurdering av eiga verksemnd	🟡	ROS analyser Aurmo vassverk.
7	Oversikt over dei lover og forskrifter i helse, miljø og sikkerheitslovgjevinga som gjeld for verksemda.	🟡	Ukjent
8	Bedriftshelseneste og VO-teneste	🟢	Bedrifthelseneste og VO - teneste fungerer etter hensikta.
9	Årleg revisjon av internkontrollen	🟡	Fleire dokument over frist.
10	Rapportering til kommunestyret om internkontroll og statleg tilsyn	🟡	Kommunedirektør er ansvarleg for rapportering

● Alt OK (etablert, oppdatert og etterlevd)

🟡 Ein del er på plass, men ein er ikke ferdig med arbeidet.
Det trengs oppdatering, eller det er ikkje kjent eller etterlevd i organisasjonen.

● Her har vi ein jobb å gjere!



6 /

Tenesteområde Oppvekst og utdanning



Sjukefråvær oppvekst og utdanning


2020	2021	2022	2023	2024
8,20 %	6,80 %	8,90 %	8,10 %	5,2 %

Sjukefråværet i tenesteområde oppvekst og utdanning samla var på 5,2 % i 2024.

Tenesteområde

Oppvekst og utdanning

Oppvekst og utdanning omfattar barnehagane, Skjåk barne- og ungdomsskule, Lom og Skjåk kulturskule, Skjåk folkebibliotek, IT-samarbeidet Lom og Skjåk, flyktningtenesta med vaksenopplæringa, samt servicetorget. I tillegg deltek kommunen i regionalt samarbeid om PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), der Sel kommune er vertskommune.



<i>Beløp i 1000</i>	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Budsjett opphaveleg	Avvik	Rekneskap 2023
200 Oppvekst og utdanning	19 240	20 223	20 223	-983	19 594
201 Flyktninger	7 039	7 183	7 183	-144	7 240
211 Dønfoss barnehage	4 832	4 760	4 760	72	4 881
213 Bismo barnehage	12 846	12 930	12 930	-84	12 450
220 Skjåk barne- og ungdomsskule	28 167	26 998	26 998	1 169	27 801
240 Kulturskule	1 937	2 146	2 146	-209	1 902
OPPVEKST OG UTDANNING	74 061	74 240	74 240	-179	73 868

Økonomi

Tenestene innanfor oppvekst og utdanning har eit samla mindreforbruk på kr 178 637. Det har gjennom året vore jobba kontinuerleg med økonomikontroll for å halde utgiftene nede. Mellom anna har det i så liten grad som mogleg vore nytta vikar, det har i liten grad vore deltaking på kurs eller konferansar som krev reise og overnatting, og alt innkjøp av diverse utstyr, programvare og ymse har vore redusert.

Ved andre tertial vart det rapportert samla sett innanfor kommunalsjefområdet oppvekst og utdanning at vi jobba for å levere innanfor budsjett, men at det likevel knytte seg usikkerheit til fleire av ansvara og tenestene.

Skjåk barne- og ungdomsskule har

det høgaste meirforbruket innanfor kommunalsjefområdet, på same tid har det gjennom heile året vore jobba for å finne løysingar som held nede kostnadene. Det vart mellom anna gjennomført ein betydeleg reduksjon på tre årsverk fagarbeidar og eit årsverk lærar frå 1.8.2024. Frå og med hausten 2024 vart det på nasjonalt nivå innført 12 timer gratis SFO også for 3. klassingar. Det er verdt å merke seg at denne innføringa ikkje vart kompensert med auke i rammetilskotet til kommunane. Innføringa ført med seg rekordhøg søknad på SFO, og med over 50 barn måtte bemanninga aukast opp 70 % etter bemanningsreduksjonen. Det har også kome til nye vedtak om ITO (individuelt tilrettelagd opplæring) i løpet



av 2024, og skulen har teke imot mange ukrainske flyktningar. Lønsauken i 2024 vart høgare enn forventa, noko som også i høg grad spelar inn på skulen sitt resultat. Sjølv om det har vore lite langtidsfråvær på skulen, har det vore mykje korttidsfråvær, både knytt til sjukdom og tilsette som har ulike verv. I og med at det er mindre bemanning totalt sett, fører vikartimar i større grad til overtid enn tidlegare. Såleis har vikarutgiftene til dels vore høge sjølv om det kontinuerleg har vore jobba for å halde vikarbruken nede. Sjølv om skulen innførte relativt sterke tiltak for å få ned kostnadene, vart meirforbruk ut frå det som er omtala på 4 %.

Barnhagane har totalt sett eit mindreforbruk på kr 11 937. Det har vore ein krevjande situasjon knytt til sjukefråvær i barnehagane. Det har vore jobba kontinuerleg med å halde vikarkostnadene nede, men barnehagane skal driftast forsvarleg innanfor bemanningsnorm. I Dønfoss naturbarnehage har det vore eit meirforbruk som knyter seg til at barnetalet vart høgare enn forventa ved budsjettering, og at det også har kome inn spesialpedagogiske tiltak gjennom året.

Ansvar 200 oppvekst og utdanning omfattar mellom anna tenestene sentralbord og fellesstenester (servicetorg), EDB og kopiering (IT), bibliotek, ungdomsråd og ungdomsklubb, samt mellom anna utgifter til skuleskyss og PPT (pedagogisk psykologisk teneste) der Sel er vertskom-

mune. Heile ansvaret har eit mindreforbruk på kr 982 709. Dette kjem mellom anna av at ei stilling vart halde vakant frå 1.8. til 31.12. for å halde nede kostnadene på heile kommunalsjefområdet, og at det vart mindre kostnader enn forvent knytt til PPT.

Elles har både ansvar 201 flyktningar og ansvar 240 kulturskule levert med mindreforbruk, og har gjennom heile året jobba med å halde kostnadene nede.

Forprosjekt ny barnehage og helsestasjon

Forprosjekt for ny barnehage i Bismo vart starta opp våren 2024, hausten 2024 vart også helsestasjon innlemma i forprosjektet. Dette er har vore eit tidskrevjande arbeid, men alle tidsfristar har heile vegen vorte halde. Såleis kunne det vedtakast av kommunestyret i desember at bygging av ny barnehage og helsestasjon skal setjast i gang i 2025.

Oppvekstreforma

I 2023 vart *Førebyggande plan for oppvekst vedteken*. Planen er utarbeidd med utgangspunkt i nasjonale føringar som er gjeve gjennom oppvekstreforma, og som er heimla i lov om barnevern. Som ein direkte konsekvens av denne planen søkte Skjåk kommune saman med Lom kommune om midlar for å starte arbeidet med BTI (Betre tverrfagleg innsats). Frå hausten 2024 fekk helsestasjonen ansvaret for å



Foto: Denfoss barnehage



arbeide vidare med BTI. Alle kommunane i 6K har bestemt at vi skal opprette ein felles digital plattform med handlingsrettleiar for BTI-arbeidet.

Laget rundt barnet – i samarbeid med SePU

Skular og barnehagar i 6K starta i 2023 opp eit samarbeid med SePU, Senter for praksisretta utdanningsforsking. Samarbeidet er finansiert og organisert innanfor tre ordningar: den desentraliserte kompetansehevingsordninga for skulane, DEKOMP, den regionale kompetansehevingsordning for barnehagane, REKOMP og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Regionen har eit felles overordna satningsområde i dette samarbeidet: «Laget rundt barnet - eit inkluderande tilpassa tilbod for alle i barnehage og skule». Dette heng tett saman med føringane i oppvekstreforma. Det har vore gjennomført arbeid med kompetansepakker der deltararane har møtt SePU med jamne mellomrom

for rettleiing, samarbeid og kompetanseheving, og vidare får arbeidsoppgåver mellom desse.

Barnehage

Barnehagane arbeider kontinuerleg med halde seg fagleg oppdaterte for å sjå og reflektere over korleis dei tilsette sin veremåte påverkar samhandlinga med barna. Dette inneber systematisk og målretta arbeid med psykisk helse, relasjonsbygging, førebygging av mobbing og krenkande åtferd. Utviklingsarbeid i 2024 har i stor grad vore tverrfagleg samarbeid når det gjeld laget rundt barnet. Det har vore samarbeid med både helsestasjon og PPT. Helsestasjonen ved miljøterapeut har faste dagar i barnehagane. Likeins har PPT samarbeidsdagar ein gong per månad i kvar barnehage. Saman med skulen har barnehagane gjennom kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis vore med på kompetanseheving og samlingar i regi av SePU.



Talet på barn i barnehagen per 15. desember 2024

	Barnetal totalt	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år
Bismo	59		9	14	17	9	10
Dønfoss	25		4	2	7	5	7
Totalt	84		13	16	24	14	17

Kjelde: [udir.no](#)

Oppholdstid i barnehagen per 15. desember 2024

Oppholdstid	Antal
Heiltid	72
Deltid	12

Kjelde: [udir.no](#)

Barn per årsverk grunnbemanning per 15. desember 2024

Oppholdstid	Barn per årsverk grunnbemanning
Heile landet	5,7
Innlandet	5,5
Bismo	5,6
Dønfoss	5,5

Kjelde: [udir.no](#)

Barn per årsverk barnehagelærar grunnbemanning per 15. desember 2024

	Barn per årsverk barnehagelærar grunnbemanning
Heile landet	13,5
Innlandet	12,5
Bismo	13,9
Dønfoss	10,3

Kjelde: [udir.no](#)



Barnehagen legg vekt på leik, læring og opplevingar i nær kontakt med naturen

Generasjonssong

Barnehagane i Skjåk har vore med i prosjektet «Generasjonssong» der det skjer generasjonstreff mellom barnehagebarn og dei eldre på Skjåkheimen. Prosjektperioden er over, men barnehagane fortsett med generasjonssong og er innom og syng saman med bebruarane på Skjåkheimen. Målet er å halde fram i eitt eller annan omfang.

Bismo barnehage (inkludert underavdelinga Holemark barnehage)

I 2024 har Bismo barnehage jobba mykje med leik og leikens betydning for utvikling og læring.

Bismo barnehage er ein barnehage med mykje musikk, rørsle og drama. Barna får mykje gratis når barnehagen integrerer musikken i det pedagogiske arbeidet, sidan felles opplevingar gjennom musikk, rørsle og drama gjev glede, meistring og trivsel.

Barnehagen legg til rette for rørsleglede, matglede og utvikling av god fysisk og psykisk helse. Måltida blir laga og servert i barnehagen, og det blir lagt vekt på at det skal vere sunn og ernæringsrik mat med mykje frukt og grønsaker. Barnehagen har turdagar kvar veke, og nyttar Skjåkhallen der barna kan utfalte seg og få ein sterk og sunn kropp, noko som er ein beskyttande faktor i arbeid med psykisk helse.

Dønfoss naturbarnehage

Dønfoss har gjennom fleire år hatt ein



Foto: Dønfoss barnehage

naturbarnehageprofil som vi har vidareutvikla. Barnehagen ligg i skogen med utfordrande og variert utedmiljø. Vi legg vekt på leik, læring og opplevingar i nær kontakt med naturen. Elgjakt, mating av gris av matavfallet vårt, fisking og innhausting frå eigen kjøkkenhage og skogen er noko av barnehagen sine prosjekt. Vi foredlar mat slik at barna ser samanhengar i naturen og kvar maten kjem frå. Vi legg vekt på lokale tradisjonar og bakar mjukbrød, hardbrød og lefser. Vi går mykje på tur, og vi lever eit flittig lavvoliv på leirplassen vår der vi lagar mat på bål. Vi arbeider tverrfagleg med



alle fagområda i rammeplan gjennom den naturbarnehagebaserte profilen.

Satsingsområde ved sidan av natur og uteliv er språk og språkstimulering. Dette har vore gjennomgåande i to år no. Vi bruker også ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) i kvardagen til alle barna med symbolkort, tematavler og snakkesmykke som ei støtte språkutviklinga og overgangar.

I 2024 har Dønfoss naturbarnehage vore med på å lage filmar i regi av Sats på Skjåk.

Skjåk barne- og ungdomsskule

Talet på elevar ved Skjåk barne og ungdomsskule ved oppstart hausten 2024 var 193, fordelt på 10 klasser. Skjåk barne- og ungdomsskule er i drift frå kl.07:00 til 16:30 med SFO og skule.

Byrjaropplæring

- samarbeid med Skrivesenteret

Hausten 2023 hadde skulen ein kvalitets-gjennomgang i regi av Agenda Kaupang. Det kom fram i rapporten at skulen måtte ta grep i byrjaropplæringa og i arbeidet med å skape ein felles kultur i skulen. Det har vore arbeidd med begge tema sidan samanslåinga av skulane hausten 2018, men over år har vi ikkje hatt tilfredsstil-lande resultat på kartleggingsprøver og nasjonale prøver.

Det vart sett ned ei gruppe lærarar som vart kalla byrjaropplæringsgruppa. Dei

gjekk gjennom rapporten og diskuterte moglege vegar vidare. Konklusjonen deira var at heile kollegiet må jobbe med å sjå på lese- og skriveopplæring i heile grunnsku-lelopet. Heilt konkret ynskte dei at vi skulle lage ein lese- og skriveplan, og dei ynskte at vi skulle knyte til oss eit fagmiljø for å få betre kompetanse.

Vi hadde første møte med Skrivesenteret (Nasjonalt senter for skriveopplæring og skrifeforsking) på NTNU i Trondheim i april i fjor, og la ein plan for å arbeide vidare med lese- og skriveopplæring for å fremme ein felles kultur på skulen. Altså skal dette vere eit satsingsarbeid der alle lærarane skal heve kompetansen sin saman, og der vi forventar å sjå resultat i form av betre score på nasjonale prøver, og meir iver kring lesing og skriving hjå elevane. Skrivesenteret skal ha fagøkter med oss to gonger i halvåret frå hausten 2024 til våren 2026, og skal i tillegg ha digital rettleiing for det som etter kvart gjekk frå å vere byrjaropplæringsgruppe til å vere lese- og skrivegruppe. Både rektor, assisterande rektor og kommunalsjef er med i alt arbeid med Skrivesenteret. Mellom møtepunkta med Skrivesenteret har to av medlemmane i lese- og skrivegruppa ansvar for å halde tak i arbeidet ved å ha fagøkter i fellestida til lærarane.

Oppgradering av sløydsal

I løpet av året har sløydsalen vorte oppgra-dert ved at ein har utvida arealet og fått eit



Grunnskulepoeng

Skuleår	Skjåk kommune	Nasjonalt
2019-20	42,8	43,2
2020-21	43,5	43,3
2021-22	43,4	43,4
2022-23	41,8	42,4
2023-24	43,2	42,2

Kjelde: Udir

Talet på elevar per lærar i ordinær undervisning

Skuleår	2022-23	2023-24	2024-25
Landet	15,63	15,63	15,63
Innlandet	15,04	15,06	15,18
Skjåk	12,15	12,19	13,35

Kjelde: Udir

Elevundersøkinga 2024

Tema	Skjåk	Innlandet	Landet
Trivsel	4,2	4,4	4,4
Støtte frå lærar	3,9	3,9	4,0
Vurdering for læring	3,3	3,3	3,3
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,3	3,4
Arbeidsforhal og læring	3,5	3,6	3,5

Skala frå 1 til 5, 1 = særslig dårlig eller særslig usamd, 5 = særslig bra eller særslig samd

Kjelde: udir.no



eige maskinrom. Det er også skifta ut og skaffa nytt verktøy og eit nytt sponavsgug.

Kompani skule

Også dette året har ungdomssteget gjenomført «Kompani Skule», eller kanskje vi skulle kalle det Kompani SBUS. Dette er eit opplegg der ein trenar på samarbeid, må utfordre seg sjølv, flytte på grenser og slik oppleve meistring.

Meisterskap i kjepphest – «Hobby Horse»
Elevane i 5. klasse har laga kjepphestar, og deretter arrangerte dei meisterskap i kjepphest. Dei hadde fleire kategoriar, både sprangriding og dressurriding. Før dei kunne delta, vart hestane framstilte for veteraner. Det var lagt opp som eit skikkelig stemne med musikk og applaus.

Entreprenørskap

Som tidlegare år, har 9. klasse delteke i Ungt Entreprenørskap.

Skulesaka

Elevane ved Skjåk barne- og ungdomsskule var særskilt engasjerte og viste at dei stod for noko i skulesaka knytt til strukturendringar i VGS i Innlandet hausten 2024. Dei sette seg inn i saka på ein god måte, og synte gode haldningar og kunnskap i korleis dei involverte seg både lokalt, på fylkesnivå og på nasjonalt nivå.

Kulturskulen

Lom og Skjåk kulturskule er ein interkommunal kulturskule med Skjåk som vertskommune. Kulturskulen har i 2024 halde fram med å tilby eit variert og inkluderande kulturtildel til born og ungdom i begge kommunane. Det har vore stor aktivitet med både små framsynings, utstillingar og ei stor felles framsyning. Nytt eleverplassar viser auka aktivitet frå 211 elevplassar i 2023 til 222 elevplassar i 2024. Det har vore ein reduksjon i venteliste frå 50 til 30 det siste året.

Kulturskulen har vore med å arrangere UKM-Nord-Gudbrandsdalen, og i 2024 hadde vi og ansvaret for UKM-festivalen for Innlandet. Fordjupningsprogrammet «Unge talent» hadde tilbod innan band, folkemusikk og visuell kunst.

Utviklingsarbeid

Kulturskulerådet si vegleiingsordning vart fullført i 2024. Formålet med vegleiinga var å hjelpe kulturskuleeigar og kulturskulen med å danne eit kontinuerleg utviklingsarbeid knytt til kulturskulen i tråd med Rammeplan for kulturskulen. Satsingsråde var kulturskulen som ein aktiv del i styrking av laget rundt born, ungdom og familiar i lag med resten av oppvekst- og



Elevplassar ved kulturskulen

	2022/2023	2023/2024	2024/2025
Breiddetilbod	31	22	29
Kjernetilbod	154	187	190
Fordjuping	0	2	3
Venteliste	29	50	30







helsesektoren. I samband med dette arbeidet vart kulturskulerektor og kommunalsjef brukt som foredragshaldarar i to samlingar i regi av Kulturskulerådet, og Skjåk kommune produserte også filmar som Kulturskulerådet brukar aktivt.

Arbeidet har styrka kulturskulen sine moglegheiter til å utvikle seg til det beste for lokalsamfunnet gjennom godt samarbeid mellom administrasjon, skuleeigar og tilsette. Arbeidet med kulturskulen sin plass i oppvekstreforma har utfordra lærarane på å styrke kompetansen innan gruppeundervisning. Ved oppstart av haustsemesteret brukte kulturskulen mykje tid på dette. Norsk kulturskuleråd har revidert rammeplanen, og det vil kome føringar for at kulturskulen blant anna skal vere ein viktig aktør for kommunal samskapning på tvers av tenestene.

Skjåk folkebibliotek

Skjåk folkebibliotek starta 2024 med å gå over til eit nytt biblioteksystem som heiter Cicero. 2024 var nok eit godt år for Skjåk folkebibliotek. Det totale utlånet på bøker var 15 420. Besøkstalet var 15 400. Biblioteket satsar framleis på barn og unge, og arbeider aktivt med å styrke leselyst i kommunen. Det er lagt opp til

ein godt samarbeid med Skjåk barne- og ungdomsskule. Det er faste besøk av 1.–7. klasse annakvar veke i skuleåret.

Biblioteket skal skape trivsel slik at det er ein god stad å vere for alle. Alle skal kjenne seg verdsette og velkomne.

Arrangement

Biblioteket er ein møteplass og ein kulturrarena i bygda. I 2024 hadde biblioteket 35 arrangement for store og små. Det har vore foredrag, forfattarbesøk, boklanseringar, teater, filmframstyringar og konsertar. Skjåk folkebibliotek ynskjer å samarbeide på tvers av sektorane og med lokale lag og organisasjonar. Fleire av arrangementa var i samarbeid med m.a. Skjåk historielag, Skjåk bygdekvinnelag, andre tenesteområde i Skjåk kommune, Diktardagar og andre bibliotek. I mars 2024 vart endeleg ideen om ein årleg SOLfestival for heile bygda realisert. Målet med festivalen var å feire at sola er attende dei fleste plassane i Skjåk. Dette gjorde vi med ein kulturfestival. Her fekk næringsliv, lag og foreiningar syne fram mykje av det fine som bygda vår har å by på. Festivalen vart ein suksess i 2024 og blir vidareført i 2025.

Biblioteket gjennomførte to leselystkampanjar også i 2024, «Sommarles» for barn



og «Vinterles» for vaksne. I 2024 var Skjåk nr. 1 i Innlandet fylke og nr. 3 i heile landet når det gjeld oppslutning av elevar som var med på «Sommarles».

Andre tilbod i biblioteket

Meirope bibliotek har vorte eit populært tilbod og stadig fleire ordnar seg med tilgang. Frøbiblioteket er biblioteket si «grøne oase» og er populær blant besøkande.

Vaksenopplæringa/ flyktningtenesta
Det kom totalt 20 nye flyktningar til Skjåk i 2024, alle desse kom frå Ukraina. Målet for arbeid med flyktningar i Skjåk er god integrering som mellom anna betyr at det er viktig å få dei raskt i arbeid og aktivitet. Det er svært få som har reist frå Skjåk hittil. Korleis dette blir framover, avheng av mange faktorar, og særleg korleis situasjonen utviklar seg i Ukraina.

Vaksenopplæringa og flyktningtenesta har felles tenesteleiari som er underlagt kommunalsjef for oppvekst og utdanning. Flyktningtenesta er avhengig av at andre kommunale tenester også har kapasitet til å handtere oppgåver som følger med mottak. Tenesta gjev hjelp til flyktningbusette, men også andre innvandrarbusette, når det gjeld søkerprosedyrar og anna. Programrådgjevarane i flyktningtenesta er ansvarlege for deltakarane sine introduksjonsprogram. Dette skal gje kvalifisering av den einskilde til vidare utdanning eller arbeid.



**Biblioteket er
ein møteplass og
ein kulturarena i
bygda.**



Foto: Skjåk Folkebibliotek

Vaksenopplæringa har gjennom 2024, slik som dei siste åra, seld tenester til Lom kommune. Hausten 2024 sa Lom opp avtala om tenestekjøp med verknad frå 1.8.2025. Tenesta tilbyr norsk- og samfunnssfagsopplæring til alle busette med innvandrarbakgrunn og for språklege minoritetar som har rett og/eller plikt til opplæring i følge integreringsmyndighei-

tene. Det har på det meste vore 37 elevar på norskopplæring på dagtid, det har også vore ettermiddagskurs der det på det meste har vore 22 elevar.

Digitalisering

Fram til september hadde Lom og Skjåk tilsett felles digitaliseringssjef. Digitaliseringssjefen vart frå 1. september tilsett



som økonomisjef. Stillinga som digitaliseringssjef vart ikkje lyst ut, og kommunane valde å arbeide vidare med digitaliseringsutviklinga kvar for seg. I tillegg til å leie IT-samarbeidet, kartla digitaliseringssjefen status i digitaliseringsarbeidet i delar av tenestene i kommunane. Det har vore ei betydeleg utvikling i å digitalisere mange oppgåver i tenestene. Utfordringa er å sjå desse i samanheng og utnytte dei moglegheiter som er i å dele data. På mange område er vi avhengige av at programleverandørar og program-utviklarar lagar integrasjonar som gjer dette mogleg. I tillegg er det på fleire måtar krevjande å oppfylle krav til dokumentasjon knytt til innsamling og handtering av slike data. Vi er avhengige av å samarbeide med eksterne aktørar som for eksempel KS, Digitaliseringsdirektoratet, Digi Innlandet,

og mange andre aktørar som bidreg med å samordne og rettleie kommunane. Sjølv dei største kommunane blir for små til å kunne handtere dette utan å samarbeide med andre. Krav til sikkerheit og robustheit er og utfordrande økonomisk.

Servicetorget

I 2024 er det særleg grunn til å nemne digitalisering av eigedomsarkivet som eit av dei store endringane. I tillegg har vi gjennom hausten arbeidd med digitalisering av køyrerekkefølge for leigebilane i kommunen med mål om å effektivisere administreringa. Vi ser at det er betydeleg prisauke på ulike lisensar og kontingentar. Mange av desse har auka meir enn forventa. Det gjer utslag på rekneskapen for servicetorget, sidan mange fellesløysingar blir kostnadsført her.

IT-avdelinga

IT-avdelinga er ei felleseneste med Lom, der Skjåk er vertskommune. Kommunen er og med i det regionale samarbeidet i 6K gjennom Regiondata. IT-samarbeidet i Norddalsregionen er i endring. Skjåk kommune, saman med Lesja, har hausten 2024 vurdert å gå inn i eit større samarbeid som eit alternativ til regionalt samarbeid i 6K. Konklusjonane av dette er venta å bli klare våren 2025. Dei fire andre kommunane har valt å gjøre IT-samarbeidet om til eit vertskommunesamarbeid med Sel kommune som vertskommune frå 1.1. 2026.

Nasjonalt har og organisering av



IT-utvikling endra seg. Utvikling av Digitaliseringsdirektoratet og etablering av mellom anna Digi-Innlandet har styrka IT-utvikling for Innlandet fylke. I den samanheng er region heile fylket. Mellom anna innanfor helsesektor og oppvekstssektor er det sett på felles utviklingstiltak og fellesløysingar. For IT-avdelinga, har 2024 handla mykje om beredskaps- og sikkerheitsarbeid. Vi var involvert i øvinga Nusse, som var ei felles regional øving, utført i samarbeid med Statsforvaltaren. Under denne øvinga vart det blant anna øvd på bortfall av EKOM i fleire tenester. Vi har også jobba med å etablere nettverk med både nasjonale, regionale og lokale ressursar, som for eksempel Helse- og KommuneCERT og Digi Innlandet.

Som ein del av arbeidet med å gjøre tenesteleveransane våre enda meir robuste, jobbar vi stadig med å flytte tenester opp i skya. Dette aukar tilgjengelegheta og stabiliteten til tenestene. På våren blei dette løftet gjort med legekontoret sitt journalsystem. Mot slutten av året sette vi i gang arbeidet med PCar og sluttbrukarutstyr, for også å få desse kopla mot skya.

I haustferien gjorde vi grep for å forenkla kvardagen til elevar og tilsette ved skulen, da vi samla alle brukarane - både frå skule og kommunal administrasjon - i ei og same sky.

Ungdomsklubben og ungdomsrådet

Ungdomsrådet har hatt sju møte i 2024. Utvalet drøfta og behandla omlag 25 saker. Nokre av desse har vore drøfta på fleire møte. Orienteringar om, og drøftingar rundt ungdomsklubben og flytting frå Kraftverkbygget til Friviljugsentralen har, naturleg nok, vore ein gjengangar. Ungdomsrådet har også drøfta og levert uttale om nedlegginga av Lom vidaregåande skule, og dei har gjeve økonomisk støtte til aksjonen på Hamar i samband med skulesaka.

Ungdomsklubben vart i oktober flytta frå Skjåk Energi og over til Ungdomens hus. Lokalet er drive av Friviljugsentralen. Klubben blir drive hovudsakleg slik den har vore før. Den er open annankvar fredag 18:00-22:00. Det er ungdomsrådet med hjelp frå servicetorget som har ansvar for planlegging og gjennomføring av klubbkveldane.


Nye aktivitetar i 2024 var ein kveld i pistolklubben og køyring på gocart-bana. Elles har Friviljugsentralen tilbod der ungdomen kan møtast i opningstida til Ungdomens hus.

Når det er klubbkveld, er det to foreldrevakter og to vakter frå ungdomsrådet, medan det er friviljuge saman med Mølmen som styrer tilboda i Ungdomens hus.



7

Tenesteområde Helse og omsorg



Helse og omsorg

Helse- og omsorgstenestene i Skjåk kommune er organiserte i seks område. Kommunen yter tenester både i eigen regi, i samarbeid med Lom kommune og i samarbeid med dei andre Norddalskommunane. Helse- og omsorgssektoren er den største sektoren i kommunen.

Sjukefråvær i helse og omsorg

2020	2021	2022	2023	2024
12,5 %	11,4 %	10,2 %	8,2%	11,7%

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet til kommunalsjefsområdet var på 11,7 % i 2024. Dette er ein auke frå 2023. Sjukefråværet kjem hovudsakleg av langtidsfråvær, og eigenmeldingar står for berre 0,3 % av sjukefråværet i kommunalsjefsområdet.

Arbeidet med sjukefråvær har høg prioritet i kommunalsjefsområdet. I 2023 vart det etablert ei eiga gruppe i Institusjon og Heimesjukepleie som jobbar med å redusera sjukefråværet. Denne gruppa består av og blir leidd av representantane til dei tilsette. Mandatet til arbeidsgruppa er å jobba med aktuelle tiltak knytte til sjukefråvær og nærværarbeid i tenesta. I tillegg til å følgja opp statistikk, er eit klart mål at arbeidsgruppa skal fokusera på positive løysingar. Gruppa rapporterer at dei har hatt ein gjennomgang av korleis sjukefråværarbeidet blir gjennomført,



<i>Beløp i 1000</i>	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Budsjett opphaveleg	Avvik	Rekneskap 2023
Helse og omsorg	4 606	4 168	4 168	438	4 297
Institusjon og heimesjukepleie	41 707	39 613	39 613	2 094	42 336
Heimetenester til funksjonshemma	19 462	17 175	17 175	2 287	18 412
Helsetasjon	2 827	2 779	2 779	48	2 655
Nav	2 938	3 543	3 543	-605	2 649
Barnevern	5 529	5 805	5 805	-276	5 679
Helsetenester	15 030	13 307	13 307	1 723	15 452
Helse og omsorg	92 098	86 390	86 390	5 708	91 479

har etablert samarbeid med NAV, og i det vidare er det naturleg at dei arbeider meir med systemet rundt sjukefråvær- oppfølging. Gruppa har også arbeidd med arbeidsmiljørelaterte tiltak som sosiale samlingar og har hatt fokus på meir dialog og informasjon mellom dei tilsette og leiarane. Eit dørme på dette er at fleire av tenestene i ansvarsområdet har etablert vekebrev med informasjon som gjeld tenestene.

Økonomi

Skjåk kommune har hatt ei auke i driftsutgifter til helse- og omsorgstenester per innbyggjar. Dei siste åra har det vorte meir krevjande å planleggje for drift innan denne sektoren. Ein av dei største utfordringane er å vekse smartare og samarbeide betre på tvers av profesjonar og tenester for å nytte ressursane meir effektivt. Kommunen brukar mykje tid på å rekruttere relevant kompetanse, og tenestene er i omstilling for å finne nye og meir berekraftige driftsmåtar.

Sjølv om det er utfordrande å planleggje for helse- og omsorgstenester, er eit meirforbruk på nærmare 6 millionar kroner ikkje akseptabelt. Det er inga unnskyldning at andre kommunar har betydeleg meirforbruk innan denne sektoren.

Kommunedirektøren ser det som naudsynt å iverksetje meir omfattande tiltak for å



	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	KOSTRA-gr 5	Landet utan Oslo
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar (kr)	46 819	47 583	53 776	53 410	37 829
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samla netto driftsutgifter (prosent)	38,8	41,9	40,2	40,5	35,7
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i prosent av kommunens samla netto driftsutgifter (prosent)	10,1	7,8	7,8	7,6	6,4

sikre at helse- og omsorgstenestene nyttar ressursane betre innanfor dei rammene som politikarane har vedteke.

Samanlikna med kommunane i KOSTRA-gruppe 5, som har liknande demografi og økonomiske rammer som Skjåk, har kommunen eit tilsvarande kostnadsnivå. Netto driftsutgifter til omsorgstenester og kommunehelsetenesta er om lag på nivå med samanliknbare kommunar. Delen av driftsutgiftene som går til omsorgstenester, er redusert med 1,7 % sidan 2022 og ligg no 0,3 % under nivået i vår KOSTRA-gruppe. Delen av driftsutgiftene som går til kommunehelsetenesta, er på same nivå som i 2022, men 0,2 % høgare enn samanliknbare kommunar.

Skjåk kommune har gradvis dreidd tenestene i retning av meir heimebasert omsorg. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom delen av innbyggjarar over 80 år med institusjonsopphald, som har gått gradvis ned og no ligg på 11,4 %, samanlikna med 11,5 % i KOSTRA-gruppe 5. I tillegg har kommunen 14 omsorgsbustader der heimesjukepleia kan yte avanserte helse- og omsorgstenester i heimane. Dette har gitt kommunen større handlingsrom til å tilby tenester til heimebuande, men framtidig tenesteutvikling må ta omsyn til at framtidas eldre har andre forventningar til kva tenester dei ønskjer og i kva form dei vil ha dei. Det er avgjerande at Skjåk kommune planlegg og byggjer opp helse- og omsorgstenestene med dette i tankane. Utgiftene per opphaltsdøgn ligg noko høgare enn snittet i KOSTRA-gruppe 5 og landet utanfor Oslo.



Meirforbruk i ulike tenesteområde

- **Institusjon og heimesjukepleie (ansvarsområde 310)** har hatt eit meirforbruk på 2 094 000 kroner. Dette skuldast i hovudsak auka behov for dagtilbod til personar med demens, høgare kostnader til hjelpemiddel og velferdsteknologi, samt auka utgifter til overtid og vikarbruk ved sjukefråvær. Det er arbeidd aktivt for å sikre inntekter der det har vore mogleg.
- **Tenester for funksjonshemma (ansvarsområde 320)** har eit meirforbruk på 2 287 000 kroner. Dette kjem av utfordringar med å rekruttere tilsette til personleg assistent-teneste, auka behov for støttekontaktar og lågare tilskott frå Helsedirektoratet til særleg ressurskrevjande brukarar enn venta.
- **Helsetenester og legetenesta (ansvarsområde 350)** har eit meirforbruk på 1 723 000 kroner. Hovudårsaka er auka medfinansiering til regionale helsetenester og lønsvekst. Samtidig har fastlegane tent inn meir enn budsjettet i refusjonar frå offentlege tenester.

Mindreforbruk i enkelte tenesteområde

- **Barnevernstjenesta** har eit mindreforbruk på 276 000 kroner, hovudsakleg grunna avslutta tiltak.
- **NAV Lom og Skjåk** har eit mindreforbruk på 605 000 kroner, grunna vakante stillingar og lågare utgifter til Kvalifiseringsprogrammet enn budsjettet.

Helse og omsorg

Helse- og omsorgstenestene i Skjåk kommune har eit samla meirforbruk på om lag 440 000 kroner. Hovudårsaka til dette er lønskostnader, samt utgifter knytt til bruk av intermediære sengeplassar og kommunale akuttsenger (KAD-senger) ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter (NGLMS) på Otta.

Lom og Skjåk tildelingskontor (TD)

Tildelingskontoret er organisatorisk plassert under kommunalsjef for helse og omsorg og har følgjande oppgåver:

- Fatting av vedtak i tråd med lov om kommunale helse- og omsorgstenester.
- Rettleiing til innbyggjarar og tenesteytarar i saksbehandlingsspørsmål.

Koordinerande eining

- Ansvar for pasientflyt både internt i kommunen og eksternt i samarbeid med andre aktørar, som spesialisthelsetenesta.
- Utnemning av koordinatorar for individuelle planar og barnekoordinatorar.
- Sikre kvalitet i arbeidet med individuelle planar og ansvarsgrupper.
- Saksbehandling av søknader om parkeringsbevis og ledsagerbevis.
- Fatting av vedtak om eigenbetaling ved institusjonsopphald.

Tildelingskontoret har mynde til å tildele korttidsopphald ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter (NGLMS) på Otta, samt å følgje opp slike opphold.



I 2024 har kontoret vore bemanna med to saksbehandlarar i 100 % stillingar og éin saksbehandlar i 30 % stilling som arbeider med vederlagsbereking. Auka saksmengd, samt meir komplekse og krevjande saker, gjer arbeidet ved kontoret utfordrande. Det er særleg vanskeleg å finne gode nok tilbod til personar med kognitiv svikt/demens og til personar med psykiske helseutfordringar.

Tildelingskontoret understrekar betydninga av førebyggande tenester som avlastar pårørande, som dagtilbod og støttekontakt. Økonomisk går tildelingskontoret i balanse i 2024.

Institusjon og heimesjukepleie

Tenesteleiarar for institusjon og heimesjukepleie har ansvar for både institusjonstenester og heimesjukepleie, med ein avdelingssjukepleiar for kvar av desse tenestene.

Ved Skjåkheimen blir det tilbydd kjøkkendrift, dagtilbod, langtidsopphald og korttidsopphald for avlasting, rehabilitering og behandling. Heimesjukepleia og praktisk bistand har kontor i nær tilknyting til omsorgsbustadane på Skjåkheimen og samarbeider tett med institusjonen, blant anna om nattevakter og felles planlegging og gjennomføring av dagtilbod for heimebuande.

Økonomisk status


Ved 2. tertialrapportering låg ansvarsområdet an til eit meirforbruk på 800 000 kroner, men det var stor usikkerheit knytt til om tiltaka ville vere tilstrekkelege for å halde dette nivået. Tiltak som sal av korttidsplassar og vikarinnleige etter behov hadde allereie gitt ei innsparing på om lag 1 000 000 kroner. Årsrekneskapen for 2024 viser likevel eit meirforbruk på knapt 2 100 000 kroner.

Eit stabilt høgt langtidsfråvær har medført auka bruk av vikarar og overtid, noko som har bidratt til meirforbruket. Det har vore leigd inn fleire personar frå vikarbyrå, med gode forhandlingsvilkår på pris. Samstundes har kommunen selt korttidsplassar til andre kommunar i regionen. Det har vore kontinuerleg arbeid for å redusere sjukefråværet ved institusjonen.

For å sikre forsvarleg bemanning og god leiing har institusjonen samla alle pasientane på éi etasje, basert på ei fagleg vurdering. Dette har gjort det lettare å få oversikt over pasientane sine behov og organisere drifta meir effektivt. Tiltaket har bidratt til at meirforbruket i institusjonstenesta i 2024 vart redusert til 185 000 kroner.



Aldring og helse Nasjonalt senter





Demenskartet

	2020	2025	2030	2040	2050
Tal personar med demens	65	72	83	103	114
Tal prosent med demens	2,96%	3,39%	4,03%	5,26%	6,13%
Tal innbyggjarar	2197	2121	2060	1958	1861

Institusjon

Sjukeheimsplassane og omsorgsbustadane med høgare omsorgsnivå er samla på Skjåkheimen. Erfaringane sidan 2014 viser at desse omsorgsbustadane har redusert behovet for sjukeheimsplassar, og gitt Skjåk kommune eit fortrinn i arbeidet med å vri tenestetilbodet frå institusjon til heimebaserte tenester.

Behovet for fleksible bustadløsningar aukar i tråd med strategien for helse og omsorg (2022–2030) og prognosane frå Aldring og helse sitt demenskart (www.demenskartet.no). Demensomsorga vil krevje fleksible og tilpassa tenester i åra framover.

Skjåk kommune må førebu seg på å sikre effektive og fagleg gode tenester for personar med demens, særleg med tanke på utfordringar med å rekruttere nok personell. I 2024 vart dagtilbodet for heimebuande med demens ytterlegare utvida for å møte det aukande behovet. Dette avlastar pårørande og kan førebygge vidare sjukdomsutvikling.

For å redusere presset på sjukeheimsplassar er terskelen for innlegging heva, i tråd med den nasjonale eldrereforma Leve hele livet (St.meld. 15) og Bu trygt heime (St.meld. 24). Skjåk kommune har seld sjukeheimsplassar til andre kommunar ved ledig kapasitet. I 2023 vart det seld 129 døgn, medan det i 2024 vart seld 165 døgn – hovudsakleg i fyrste halvdel av året. I siste halvdel av 2024 var det større behov for plassane til eigne innbyggjarar. Auka utgifter til dagtilbod for personar med demens utgjorde om lag 185 000 kroner, grunna eit aukande behov for oppfølging av heimebuande med kognitiv svikt. Personalet vart flytta frå institusjon og heimesjukepleie for å arbeide meir førebyggande og effektivt. Dette er eit viktig tiltak for å sikre fagleg forsvarlege tenester til personar med demens og for å utsette behovet for eit høgare omsorgsnivå. Ein institusjonsplass kostar om lag 2 000 000 kroner per pasient, og førebyggande tiltak som dagtilbod og støttekontakt bidrar til å redusere desse kostnadane.



Kjøkken, hjelphemiddel og velferdsteknologi

- Kjøkenet har hatt behov for vikarar grunna vakanse og sjukefråvær. Auka matprisar har gitt eit meirforbruk på 100 000 kroner, medan meirutgifter til vikar utgjer om lag 300 000 kroner. På den positive sida har kjøkenet hatt auka sal av tenester, med 40 000 kroner utover budsjett.
- Hjelphemiddel og velferdsteknologi har hatt eit meirforbruk på om lag 80 000 kroner, hovudsakleg grunna nødvendig innkjøp av tryggleksalarmer for å sikre tryggleik i heimane. Dette skuldast oppgradering til 5G-nett i kommunen ved slutten av 2024.

Heimesjukepleia

Heimesjukepleia har vore under stort press i delar av året, med krevjande behandling av svært sjuke heimebuande. Dette har medført ekstra kostnader knytt til overtid og bruk av ekstrahjelp. Rekruttering er eit viktig satsingsområde, og det er klart at vidare utvikling av heimesjukepleia er nødvendig. Spesielt gjeld dette innan kvardags-rehabilitering, demensomsorga, psykisk helseteneste, palliativ- og kreftsjukepleie, samt dagaktivitetar for heimebuande.

I kommunestyret si vedtekne Strategi for helse- og omsorg 2022–2030 vert det understreka at heimen skal vere den primære bistandsarenaen. Heimesjukepleia deltek i KS sitt program TØRN – Rusta for framtida, der fokuset er å avklare kva oppgåver som bør løysast av helsetenestene i heimen, og kva som kan løysast i samarbeid med andre tenester.

Det er semje om at det er nødvendig å arbeide med ei ny organisering av helsepersonell i institusjon og heimesjukepleie for å sikre effektiv utnytting av kompetanse. Dette arbeidet inngår i KS-prosjektet TØRN – Rusta for framtida. Om lag 200 000 kroner i prosjektmidlar frå Statsforvaltaren i Innlandet har gått til kurs, konferansar og løn/vikar ved fråvær. Det er ikkje brukt midlar til kurs og konferansar utover desse prosjektmidlane og oppsett budsjett.

Tenester for funksjonshemma

Tenesta omfattar Bismotunet bufellesskap, personleg assistanse og andre heimetester som brukarstyrt personleg assistanse (BPA), støttekontaktar og omsorgsstønad. Tverrfagleg samarbeid og utviklingsarbeid er sentralt i arbeidet med barn, unge og vaksne med funksjonsvariasjonar.

Dei siste to åra har vedtaka ved Bismotunet auka, og tenestene har vorte meir omfattande. Kommunen har fullt ansvar for både avlasting og heildøgns tenester. Før kommunen får statleg refusjon for særleg ressurskrevjande tenester, må ein passere innslagspunktet på 1 692 000 kroner.

Meirforbruket i tenesteområdet er på 2 237 000 kroner, hovudsakleg grunna:

- Auke i personell som følgje av fleire vedtak om avlastningstenester.
- Auka personellbehov for einskilde brukarar.
- Auka behov blant faste bebuarar.



I Bismotunet er det fokus på at bebuarar og unge med avlastingsophald skal ha gode liv med meiningsfylte aktivitetar.



Foto: Marius Thoresen, Bismotunet bufellesskap på tur.

Det har òg vore særskilt utfordrande situasjonar som har kravd ekstra personell. Slike utgifter er vanskelege å forutseie, og sjølv om tiltak vart sett i verk for å redusere meirforbruket, var det ikkje tilstrekkeleg til å dekkje det reelle behovet.

Tenestemottakarane er sårbare for endringar, og det er særsviktig med stabilt og kjent personell. Fråværet ved Bismotunet har vore høgare enn tidlegare år, noko som har ført til meir overtid.

I 2. tertialrapportering vart det varsla om usikre prognosar for ressurskrevjande brukarar. Sjølv om Skjåk kommune tidlegare har fått auka tilskott, har det ikkje vore nok til å dekkje dei aukande kostnadane for tenestene. Med ny berekningsmodell kjem Skjåk kommune därlegare ut samanlikna med kommunar som har tenester med

kostnader under 2 000 000 kroner per person. Dette fører til ei reduksjon i tilskott frå Helsedirektoratet på minimum 700 000 kroner.

I tillegg har tenesta levert ikkje-lovpålagde tenester for om lag 250 000 kroner i samband med manglande vidaregåande tilbod. Dette skjedde medan ein venta på avklaring frå Innlandet fylkeskommune om dei ville ha behov for dette personalet.

Bismotunet bufellesskap og avlastingsteneste

Bismotunet bufellesskap var nytt i februar 2020 og er ein heildøgns bemanna omsorgs- og avlastingsbustad. I Bismotunet er det fokus på at bebuarar og unge med avlastingsophald skal ha gode liv med meiningsfylte aktivitetar. Dette inneber å



legge til rette for sjølvråderett, meistring av eige liv og sjølvstende der det er mogleg. Det blir gjeve avlastning i bufelleskapet, og Skjåk kommune sel kapasitet i avlastingsbustaden til andre kommunar med om lag 125 døgn i året.

Arbeid og aktivisering

Bismotunet bufellesskap har etablert kantinedrift på skulen i samarbeid med skule og privat næringsliv. Det er stort fokus på å utvikle dagarbeidsplassane, både i samarbeid med Sysselsetting Lom og Skjåk og drift av kantina på Skjåk barne- og ungdomsskule tre dagar i veka. Alle med funksjonsvariasjonar har rett på tilrettelagte arbeidsplassar. Det vil framover bli eit større behov for tilrettelagte arbeidsplassar, og det blir samarbeidd tett med Sysselsetting Lom og Skjåk for å samordne tenestene effektivt. Tenesta har eit mindreforbruk, men behovet har blitt dekka av tilsette i Bismotunet bufellesskap. Dette har generert høgare lønskostnadar og har ikkje gjeve innsparing ved vakanse. Dette skuldast at personane som mottek tenestene ikkje kan avlyast – dei må ha personell til å følgje opp vedtak.

Støttekontakt

Folk i alle aldrar kan ha behov for hjelp til å ha eit sosialt liv og ei meiningsfull fritid. Støttekontaktar er ei svært viktig lågterskelteneste som bidreg til dette, men støttekontakt er òg eit viktig tiltak som avlastar familie og pårørande og reduserer eller utset behovet for andre tenester.

I 2024 hadde vi i snitt vel 40 støttekontaktar i drift. Det er eit meirforbruk i tenesta støttekontakt på om lag 370 000 kroner, som skuldast auka godtgjersle til kvar støttekontakt og eit aukande behov for avlastning, særleg innan tenester til personar med demens.

Støttekontakt er eit lågterskeltilbod som utset behovet for heildøgns omsorg. Den som mottek tenesta kan ofte bu heime med hjelp frå støttekontakt til praktiske oppgåver som følgje til til dømes bank og butikk, samtidig som dei utgjer ei trygg sosial arena ut frå kvar einskild sitt individuelle behov. Ved å nyte ekstra midlar til støttekontakt har Skjåk kommune sørja for at færre innbyggjarar har behov for eit høgare omsorgsnivå med høgare kostnad.

Personleg assistentteneste og brukarstyrt personleg assistanse

Personar med behov for assistanse i daglege gjeremål og trening kan ha rett til personleg assistent. Det er fleire i Skjåk som ønskjer personleg assistanse, då tenestemottakar kan få færre hjelparar i heimen, men likevel få hjelp til å delta i aktivitetar og ha eit sjølvstendig liv med fokus på eigenmeistring. Dette er i tråd med nasjonale føringar og Strategi for helse- og omsorg 2022–2030 for Skjåk kommune, som seier at alle i Skjåk skal kunne bu i eigen bustad så lenge som mogleg. Ved brukarstyrt personleg assistent (BPA) er det brukar eller den som representerer han/ho, som er arbeidsleiar for assistenten.

Tenesteomfanget varierer mykje i tråd



med behov for hjelp og vedtekne timar. Skjåk kommune har dei siste åra hatt eit aukande behov for tenester med vedtak om personleg assistanse. Dette er ressursskrevjande, og det er behov for høg personaltettleik for å sikre fagleg forsvarlege og trygge tenester til denne brukargruppa. Utfordringar knytt til bemanning har auka grunna fleire brukarar med omfattande vedtak.

Det er eit omfattande meirforbruk i dette ansvarsområdet, som omfattar Bismotunet og personleg assistenttenesta. Det er utfordrande å rekruttere personale i tenestene, og dette har ført til bruk av vikarbyrå for å dekke behovet for personale. Det var sett inn tiltak i tenesta for å redusere meirforbruket, mellom anna ved å redusere innleige der det var mogleg. Det

er svært krevjande å sikre fagleg forsvarleg drift og samtidig redusere innleige, og difor har dette tiltaket ikkje lukkast i den grad ein hadde mål om.

Omsorgsstønad

I enkelte høve kan ein person få vedtak om omsorgsstønad som ei økonomisk støtte for sitt omsorgsarbeid i heimen. Den som treng omsorg, må ha eit dokumentert hjelpebehov grunna sjukdom, alder, funksjonsvariasjon eller andre årsaker. Det er ein føresetnad at søker utfører omsorgsarbeidet som elles ville hørt inn under helse- og omsorgstenesta i kommunen. Omsorgsstønad er ei teneste kommunen er plikta til å ha. Berre foreldre har omsorgsplikt for mindreårige barn. Det vil berre vere aktuelt med omsorgsstønad der-

	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023	KOSTRA gr 5	Landet utan Oslo
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	18,6	19,6	17,7	16,2	12,9
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar (årsverk)	11,6	11,6	11,7	12,0	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-20 år (årsverk)	96,8	85,7	79,931)	61,1	53,1
Andel nyfødde med heimebesök av helsesjukepleiar (prosent)	93,3	70,0	86,7	89,6	95,5
Hjemmebesök av jordmor innen tre døgn etter hjemkomst	25,0	60,0	56,62)	58,5	62,2

1) Talet er rapportert tal i KOSTRA delt på 2, fordi dei tilsette bistår to kommunar. Det samla talet i rapporten er 159,86.

2) Talet er rapportert tal i KOSTRA delt på 2, fordi jordmor bistår to kommunar. Det samla talet i rapporten er 113,2.



Foto: Skjåk kommune

som omsorga klart overstig vanleg omsorg for barn på same alder. Omsorgsstønad må vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgjevar i kvardagen og omsorgsarbeidet. Det har vore ei auke i omsorgsstønad til omsorgsytarar på om lag 70 000 kroner.

Helsetenester

Helsetenestene består av legeteneste, fysioterapi, ergoterapi, psykisk helse, helsestasjon og jordmortenester. Legetenesta i 2024 har vore stabil, med 4 legar i 80 % stilling ved legekontoret. Ved permisjon i 2024 har tre av legane auka si stilling til 100 %. Det er 3,2 årsverk med hjelpepersonell i form av helsesekretærar og sjukepleiarar. Det har vore stor pågang på legekontoret, då det er nasjonale forventningar om at fleire oppgåver skal gjennomførast i kommunen, snarare enn av spesialisthelsetenesta. Legekontoret

gjev bistand til alle innbyggjarar som treng medisinske prosedyrar utan behov for annan bistand. Dette avlastar heimesjukepleia i kvardagen, og det er eit tett samarbeid mellom legekontoret og heimesjukepleia om dei pasientane som er felles. I tillegg har det vore LIS1 (turnuskandidat) heile året, samt medisinstudentar i praksis på legekontoret. Desse har vore verdifulle og dyktige medarbeidarar som har tilført kontoret kompetanse. Skjåk kommune ligg 1,5 årsverk høgare enn KOSTRA-gruppe 5 når det gjeld dekning av legeårsverk per 10 000 innbyggjarar.

Det har vore eit meirforbruk i legetenestene på 1 723 000 kr. Dette er hovudsakleg grunna lønsmidlar for å dekke fråvær ved permisjon, noko høgare kostnader på regionale helsetenester og nødvendige IT-investeringar for fysioterapi/ergoterapitenesta. Kommuneoverlegen har arbeidd mykje med folkehelsearbeid retta mot



Foto: Eli Skjåk Teigum



barn og unge i samband med vedtaket frå Innlandet Fylkeskommune i oktober. Dette har påverka befolkninga og gjort det heilt nødvendig at kommuneoverlegen har bistått i dette arbeidet. Konsekvensane for legekontoret har vore redusert kapasitet, men dette har blitt kompensert ved at nokre legar har arbeidd utover normert arbeidstid frå august og ut året.

Fysioterapi og ergoterapi

Det er 2,5 kommunale fysioterapiheimlar. Kapasiteten på fysioterapeutar ligg litt over snittet for KOSTRA-gruppe 5. Dei tilsette har brei og god fagleg kompetanse, som kan utnyttast betre gjennom utvida samarbeid. Fysio- og ergoterapitenesta er felles for Lom og Skjåk, med Lom kommune som vertskommune. Dette er personar med stor fagkompetanse, og dei er blant anna aktive i planlegginga av framtidas helse- og omsorgstenester i Skjåk kommune. Vi ligg midt mellom KOSTRA-gruppe 5 og resten av landet utanom Oslo når det gjeld tal fysioterapeutar i kommunen. Det har vore eit meirforbruk i fysioterapi- og ergoterapitenesta på om lag 100 000 kr. Dette skuldast primært nødvendig oppgradering av journalsystemet.

Helsestasjonstenesta

Tenester til gravide, barn/ungdom (0 til 25 år) og foreldra deira. Helsestasjonstenesta arbeider førebyggjande i nesten alt arbeid dei utfører. Det er tildelt prosjektmidlar til helsestasjonen, som gjer det mogleg å arbeida målretta for barn, unge og familiene deira.

Svangerskapsomsorg og helsesjukepleiarar

Frå 1. januar 2022 vart det vedteke felles jordmorteneste for Lom og Skjåk kommunar. Jordmor har kontordag både i Lom og Skjåk, og både Lom og Skjåk kommune er ein del av jordmorvakta ved Lokalmedisinsk senter på Otta. Jordmor gjennomfører heimebesøk innan dei første tre dagane for over halvparten av dei nyfødde. Dersom jordmor ikkje har høve til å komma innan dei tre første dagane, reiser helsesjukepleiar i staden. Alle nyfødde får tilbod om heimebesøk innan dei første to vekene frå både jordmor og helsesjukepleiar. Helsestasjonen har valt å organisera tenesta på denne måten på grunn av auka talet på nyfødde, og fordi det er viktig å utnytta jordmor-kompetansen på mest mogleg effektivt vis. Det blir vurdert regionalt om jordmorteinesta bør organiserast på ein annan måte for å bli mest mogleg effektiv i Nord-Gudbrandsdalen, mellom anna på grunn av varierande fødselstal mellom kommunane og eit stort behov for nyrekryttering av jordmødrer i dei andre kommunane. Helsestasjonen går nesten i balanse, men det er verdt å merka seg at nær 70 000 kroner har gått til lønn ved krisehandteringsarbeid, og ca. 42 000 kroner er brukte på kjøp av tolketeneste.

Lom og Skjåk helsestasjonar inngjekk eit vertskommunesamarbeid frå 1. januar 2023, med Skjåk som vertskommune. Den nye helsestasjonstenesta har hatt ein god utviklingsprosess og held fram med eit godt samarbeid vidare. I 2024 vart det rekryttert tverrfagleg kompetanse for å



styrkja helsestasjonane ytterlegare. Desse stillingane er finansierte med prosjektmidilar.

Helsestasjonen samarbeider tett med barnehage, skule, PPT, barnevern og BUP, og dessutan andre aktørar som har noko å seia for barn og unge. Helsestasjonen er ein viktig del av folkehelsa, oppvekstreforma og kvinnehelsearbeidet, og arbeider ut frå nasjonalfaglege retningslinjer frå Helsedirektoratet. Helsestasjonen arbeider primært med førebygging og behandling av lette til moderate psykiske lidningar blant barn og unge. Til dømes blir det nytta eit breitt spekter av forelderrådgivingsmetodar ved helsestasjonen. Me veit at å hjelpe barna gjennom foreldra er den mest effektive metoden for å lykkast. Førebygging er ei oppgåve som gir stor gevinst, og ifølgje mellom anna Guro Birkelund (Generalsekretær i Norges Astma- og Allergiforbund) får ein 14 kroner igjen for kvar krone ein investerer i førebygging. Fleire arbeidsoppgåver blir lagd til helsestasjonen. Helsestasjonen tilbyr tenester som høryselsprøver, reisevaksinasjon og smittevern.

Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste, inkludert rusomsorg, var tidlegare organisert under heimebasert tenester. Samhandlingsreforma for rus og psykiatri stiller store krav til kvar enkelt kommune, og med nedlegging av døgninstitusjonar vil det sannsynlegvis føra til ytterlegare press på tenestene.

I 2020 oppstod eit behov for kjøp av pri-

vate tenester til ein brukar. Innslagspunktet for å få dekt kostnader til ressurskrevjande brukarar aukar stadig. Skjåk kommune har førebels ikkje rett kompetanse eller kapasitet til å organisera denne tenesta sjølv, og må derfor kjøpa tenesta frå ein privat aktør. Fleire tenester melder om eit aukande behov for heildøgns tenester til personar med behov for psykisk helseteneste og lokal tilknyting.

FACT-team Nord-Gudbrandsdal

Er eit samhandlingsprosjekt mellom kommunane Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Dovre, Lesja, NAV og Sjukehuset Innlandet/DPS Lillehammer.

FACT (Flexible Assertive Community Treatment) er eit aktivt oppsøkjande team som gir kunnskapsbasert behandling og oppfølging til menneske med alvorleg psykisk helse- og/eller ruslidning. Teamet arbeider hovudsakleg i pasientens heim og nærmiljø. Teamet skal gi samanhengande, godt koordinerte og heilskaplege tenester. Teamet er tilgjengeleg på dagtid i veka. Psykisk helseteneste Lom og Skjåk bidreg med 20 % stillingsressurs, og prosjektet er no inne i sitt 4. år.

Barnevern

For å møta dei nye krava i barnevernsreforma, vart barneverntenestene i Sel, Vågå, Lom og Skjåk slått saman til ei interkommunal teneste våren 2019, med Sel kommune som vertskommune. Tenesta har totalt 14,15 årsverk, og 2,3 årsverk utgjer Skjåks del.



Oppvekst- og barnevernsreforma gir den kommunale barnevernenesta nye oppgåver og større ansvar. Barnevernenesta har mellom anna fått overført ansvaret for oppfølging og rettleiing av fosterheim frå BUF-etaten. Barnevernet har i 2024 hatt fosterheimsomsorga som ein av fleire hovudsatsingar. Det har vore stort fokus i 2024 på å utvikla arbeidet med samhandling mellom tenestene for å skapa «laget rundt barnet» og ein felles plan for tidleg innsats.

Barnevernet har sidan 2019 hatt mange meldingar og undersøkingar, sett i forhold til barnebefolkinga i Skjåk. Dei siste to åra har talet på saker vorte sterkt reduserte.

Det er gjennomgåande at dei sakene barnevernet arbeider med er alvorlegare og meir komplekse, noko som krev spesielt kompetente tilsette.

Som tidlegare år har det også i 2024 vore fokus på kompetansebygging for å møta krava som kjem i 2031. I tillegg til at to tilsette har gjennomført ein av Bufdirs tilrådde vidareutdanningar ved VID vitenskapelige høgskole, har mange tilsette delteke på kurs i DCM Barnesamtalen for å betra sikre medverknaden til barna. To tilsette til har starta på ein av Bufdirs tilrådde vidareutdanningar ved VID vitenskapelige høgskole.

Spesielt første halvår 2024 var den totale



Sysselsetting Lom og Skjåk produksjon arbeidstakar Marit Garmo. Foto: Jo-André Sperstad Fjeld.



arbeidsmengda i dei fire kommunane høg. Barnevernet har i 2024 hatt svært høgt sjukefråvær, noko som har gjort det krevjande å drifta tenesta. I andre halvår 2024 vart det sett i verk fleire tiltak, mellom anna vart ei ny fast stilling oppretta, finansiert med sjukepengar.


Sysselsetting Lom og Skjåk

Dette tilbodet vart re-estabert i 2023.

Gjennom omorganisering av tenesta har det vorte lagt meir vekt på at dette skal vera ein dagarbeidsplass der alle arbeidstakarane får høve til å utføra arbeid som er spesielt tilrettelagt etter funksjonsvariasjonane deira. Det er mellom 10 og 15 personar som er knytt til tenesta. Tilbodet gjekk i balanse i 2024.

Sysselsetjing Lom og Skjåk er eit tilbod til personar med funksjonsvariasjonar i samarbeid med Tenester for #funksjonshemma (Skjåk)/Miljørarbeidertjenesten (Lom), Psykisk helse Lom og Skjåk, Flyktningtjenesten i Skjåk/Lom, NAV Lom og Skjåk og Lom VGs. Det er ein aktivitet for personar som står utanfor arbeidslivet, anten grunna pensjonering eller uføregrad. I 2024 har tilbudet vært benyttet i økende grad, slik tabellen under viser.

Lom har benyttet tiltaket i 1 930 timer, mens Skjåk har benyttet tiltaket i 1 516 timer.





Periode	Timer Lom	Antall pers Lom	Timer Skjåk	Antall pers Skjåk	Timer	Antall personer
1-20. januar	80	3	85	5	165	8
Januar/Februar	168,92	3	126,33	5	295,25	8
Februar/Mars	138	4	66,24	6	204,24	10
Mars/April	133,41	4	100,33	5	233,74	9
April/Mai	136,25	4	109,02	6	245,27	10
Mai/Juni	184,92	4	152,08	6	337	10
Juni/Juli	86,58	4	68	4	154,58	8
Juli/August	130,66	5	88,25	4	218,91	9
August/September	214,74	5	217,77	5	432,51	10
September/Okttober	189,58	5	122,38	6	311,96	11
Okttober/November	252,08	5	180,58	6	432,66	11
November/Desember	214,58	5	200,25	6	414,83	11
21-31. desember	0	0	0	0	0	0
SUM TIMER	1929,72		1516,23		3445,95	

NAV Lom og Skjåk

Tenesteinnhaldet til NAV-kontoret i Lom og Skjåk er å levera kommunale tenester og arbeidsretta oppfølging til innbyggjarane. Rettleiarane på kontoret arbeider for å bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og dessutan fremja overgangen til arbeid og aktivitet. Tenesta har eit mindreforbruk i 2024 på grunn av vakante stillingar, noko som fører til høg arbeidsbelastning på dei saksbehandlarane som er i arbeid.

Oppvekstreforma inneber at alle tenester rundt barn og unge skal hjelpe kvarandre, mellom anna gjennom lokale arbeidsgrupper. NAV er ofte den etaten som møter familiane med utfordringar, og er kanskje den første som oppdagar dette. I 2023 vart det innført ein ungdomsgaranti

i NAV, som betyr at personar under 30 år er ei prioritert gruppe i arbeidsretta arbeid.

Historisk sett har det vore låg arbeidsløyse i Skjåk, spesielt om sommaren, men også i vinterhalvåret har arbeidsløysa vore låg. Dette var også tilfelle i 2024. Sjølv om dette er positiv statistikk, kan det føra til utfordringar ved nyrekrytting, då det ikkje er så mykje arbeidskraft å henta.

NAV Lom og Skjåk er ein viktig del av integreringsarbeidet med flyktningane. Det er eit tett samarbeid med Flyktningtjenesten, der NAV er involvert frå innkomsten og busetjinga til flyktningane til dei er i ordinært arbeid. I 2024 var det ein stor auke i økonomisk sosialhjelp. Dette kjem av fleire forhold, men hovudsakleg bistand til flyktningar og høge levekostnader.



8

Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling



Sjukefråvær Miljø- og samfunnsutvikling

2020	2021	2022	2023	2024
7,4 %	4,2 %	10,2 %	7,0 %	6,1 %

Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet for Miljø- og samfunnsutvikling i 2024 var på 6,1 %. Dette er ei positiv utvikling samanlikna med 2022. Korttidsfråværet har vore lågt, men det har vore enkelte tilfelle av langtidssjukefråvær i løpet av året.



Beløp i 1000	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Budsjett opphaveleg	Avvik	Rekneskap 2023
Miljø og samfunnsutvikling	9 624	9 990	11 073	-366	9 336
Kultur	1 327	1 588	1 588	-261	1 466
Teknisk var	7 215	6 099	5 988	1 116	7 692
Teknisk drift	27 617	28 335	28 335	-718	26 415
Landbruk og næring	336	226	226	110	427
Miljø og samfunnsutvikling	46 119	46 238	47 210	-119	45 335

Nøkkeltal for næring (utan landbruk) i 2024

Tal søknadar til næringsfond (ikkje medteke landbruk)	9 søknadar
Rådgjeving/oppfølging	15 bedrifter

Økonomi

Tenesteområdet Miljø- og samfunnsutvikling hadde i 2024 eit mindreforbruk på 119 000 kroner.

Innan delområdet 450 landbruk og næring vart det registrert eit meirforbruk på 110 000 kroner, medan 420 teknisk hadde eit meirforbruk på 1,116 millionar kroner.

For teknisk område (420) var det snøbrøyting som stod for den største delen av meirforbruket, med 582 000 kroner. I tillegg kom renteutgifter på 151 000 kroner og nødvendig rehabilitering av VA-kummer for 150 000 kroner. Det har òg vore prisauke på serviceavtalar og innkjøp, som bidrog vesentleg til det totale meirforbruket.

Næring

I 2024 har kapasiteten innan næringssarbeid vore utfordrande, delvis grunna sjukefravær. Tabellen ovanfor viser konkrete tal for søknader, næringsfond og rådgiving, som ofte strekk seg over lengre tid.

Skjæk kommune er ein aktiv deltakar i regionale nettverk som 6K næring og Stillingssleppet. I 2024 gjennomførte næringssavdelinga eit forstudie som del av eit større masterplanarbeid for reiselivet.

For å styrke satsinga på kommunikasjon og omdøme vart det engasjert ein midlertidig internship-stilling. Samtidig er arbeidet med revidering av vedtekten for næringsfondet i gang, med mål om ferdigstilling innan midten av 2025.



Sats på Skjåk

I 2023 ferdigstilte Skjåk kommune to tomannsbustader for å styrke rekruttering til næringslivet og møte demografiske utfordringar. Prosjektet følgjer Husbanken sitt prinsipp «frå leige til eige».

I samband med dette fekk kommunen eit tilskot på 760 000 kroner frå Husbanken, noko som la grunnlaget for satsinga «Sats på Skjåk» og ei eiga prosjektstilling. Fyrste fase av tilflyttarsatsinga vart gjennomført i 2024 med mål om å fylle alle fire prøvebustadane. Hausten 2024 søkte kommunen om vidare støtte, og Husbanken tildelte 1 million kroner. Fase 2 av prosjektet går føre seg i perioden 2025–2026.

Prøvebustadane har allereie bidrege til at 11 nye innbyggjarar flytta til Skjåk i 2024, og totalt har 22 personar fått bistand i flytteprosessen.

I tillegg har «Sats på Skjåk»-ressursen vore med på eit filmprosjekt og møblering av ein rekrutteringsbustad, slik at fleire kan prøvebu når bustader står ledige.

Klima og miljø

I 2024 vart det tilsett ein ressurs i 20 % stilling for å følgje opp klima- og miljøplanen. Dette arbeidet blir noko nedskalert i 2025.

Skjåk kommune gjennomførte i 2024 eit omfattande arbeid med miljøsertifisering av kommunehuset og barnehagane Bismo, Holemork og Dønfoss naturbarnehage. Å bli miljøfyrтårsertifisert handlar om å innføre system for miljøleiing i organisasjonen – eit viktig steg for å gjere klima- og miljørbeidet til ein naturleg del

av kvardagen. Prosessen har vore prega av brei involvering frå dei tilsette. Arbeidet med miljøsertifisering held fram i 2025.

I tillegg vart det i 2024 søkt om, og tildelt midlar som gjer det mogleg å jobbe endå meir målretta med tiltaka i klima- og miljøplanen. FN sine berekraftsmål gir dei overordna måla globalt, medan kommunestyret set retninga lokalt. For å sikre at klima- og miljørarbeidet held fram å vere prioritert i åra som kjem, må dette også få gjennomslag i budsjettarbeidet. Det vil òg vere behov for haldningsskapande tiltak i befolkninga.

Landbruk

Landbrukskontoret i Lom og Skjåk behandler saker etter jordlova, skoglova, konsesjonslova, beitelova, dyrehelsepersonellova og forureiningslova. Kontoret er bemanna med 3,6 årsverk. Talgrunnlaget som er presentert i denne rapporten gjeld for Skjåk kommune. Tal for Lom kommune kjem i tillegg.

Landbrukskontoret gjennomførte skoddag i november i samarbeid med Skjåk Almenning og Glommen Mjøsen Skog. Tema for skoddagen var taubanedrift. Prosjektet om skogsatsing i Nord- og Midt-Gudbrandsdalen er i full gang.

Miljø og Naturforvaltning

Renovasjon – byte frå sekk til dunk

Hausten 2024 vart det køyrd ut søppeldunkar til alle bustader i Skjåk. Det vart utdelt ein dunk for restavfall og ein dunk for matavfall. I desember 2024 vart det innført moglegheit for å søke om redusert



Statistikk, 2014 og 2024

	2014	2024
Ant jordbruksbedrifter	146	132
Jordbruksareal i drift (dekar)	23 236	23 298
Tal føretak med mjølkekyr	45	32
Tal føretak med ammekyr	16	29
Tal føretak med sau	34	26
Tal føretak med avlssvin	13	8
Tal mjølkekyr	975	1028
Tal ammekyr	163	452
Tal sau	2064	1851

Tal lovsaker og søknadar til næringsfond i 2024

Søknadar til næringsfond frå landbruksområdet	7
Konsesjonssaker	8
Delingssaker	8

Statlege tilskot som landbrukskontoret forvaltar, 2024 (kun for Skjåk)

Produksjonstilskot	kr 67 000 000
Regionale miljøtilskot	kr 3 100 000
Andre ordningar	kr 2 000 000
SUM	Kr 72 100 000

Investeringsmidlar frå Innovasjon Norge i 2024

Forprosjekt/ressurskartlegging	kr 171 000
Tradisjonelt landbruk	kr 850 000
Tilleggsnæringer	kr 330 000
SUM	kr 1 351 000

Oversikt over tal meter gjerde som er samla inn gjennom «trygg hafeille» i 2024

Nettinggjerde	6060 meter
Piggtråd	1310 meter



Beitebruk

Tal dyr sleppt på utmarksbeite, 2018-2024

	Storfe	Geit	Sau	Lam
2018	1326	714	2325	4066
2019	1418	575	2212	3884
2020	1434	624	2177	3776
2021	1557	673	2205	3936
2022	1612	721	2045	3515
2023	1649	687	1829	3024
2024	1609	839	1772	2834

Tap av sau og lam på utmarksbeite, 2018-2024

	Sau	Lam	Totalt	Lam %	Totalt %
2018	55	314	369	7,7	5,8
2019	39	346	385	8,9	6,3
2020	41	325	366	8,6	6,2
2021	53	496	549	12,6	8,9
2022	71	602	673	17,1	12,1
2023	56	497	553	16,4	11,4
2024	26	531	557	18,7	12,1

Skogbruk

Nøkkeltal for skogbruket i 2024

Avverking	11 019 m ³
Taubanedrift	1 500 m ³
Planting	31 500 stk
Ungskogpleie	726 dekar
Markberedning	913 dekar



Illustrasjonsfoto: Adobe Stock

renovasjonsgebyr for dei som hadde ei godkjend ordning med heimekompostering. Innsamlinga av papp og papir, glas og metall samt plast held fram som tidlegare. Endringar i ordningane som påverkar mange fører ofte til mange spørsmål. Kommunen etablerte eit eige menypunkt på heimesida for å informere om den nye renovasjonsordninga.

Hjorteviltforvaltning – fallvilt – nedgang i talet på elgpåkøyrlar

I 2024 vart det felt 77 elg og 204 hjort i Skjåk (tal frå 2023 i parentes: 106 elg og 183 hjort). Talet på elg påkørt i trafikken gjekk noko ned samanlikna med året før, og har dei siste åra vore på eit lågare nivå enn i perioden for 5–10 år sidan.

Plan, byggesak, miljø

Lom kommune har sidan årsskiftet 2018–2019 vore vertskommune for tenestene plan, byggesak og miljø. Dei tilsette har kontorplass i Lom, men har òg faste kontordagar i Skjåk. Felleskontoret samarbeider tett med andre fagmiljø, som landbrukskontoret, vgn og avløp, samt brannvesen i saker av felles interesse.

Kommunen skal organisere tilsyn med anlegg og byggesaker. Det blir arbeidd med å etablere ei interkommunal ordning som skal erstatte den tidlegare avtalen med Vågå kommune om slikt tilsyn.

Kommuneplanen sin arealdel er frå 2021, medan samfunnssdelen vart vedteken i 2018. Framlegg til ny planstrategi har vore på høyring hausten 2024. Det er foreslått



at samfunnssdelen skal reviderast i den komande fireårsperioden.

I 2024 vart det arbeidd med master- og tiltaksplan for Bismo, basert på moglegheitsstudiet gjennomført av Selberg Arkitekter AS i 2023. Dette skal vere utgangspunkt for arbeidet med ny reguleringsplan for Bismo, som startar opp i februar 2025.

Det vart òg gjennomført detaljprosjettering av tiltak på skredvollane ved Skei I og Skei III, for å sikre at krava i TEK17 til skredtryggleik er oppfylte for alle bustader i området. Oppgraderinga er planlagt gjennomført i første halvår 2025.

I tillegg vart det utarbeidd og vedteke reguleringsplan for det tidlegare reinseanlegget i Bismo (Bispevegen 6), med bustadbygging som formål. Det kjem sjeldan inn private planforslag i Skjåk, men hausten 2024 mottok kommunen eit slikt forslag for Heggeruste massetak. Kommunen har ansvar for å gjennomgå desse, ha dialog med forslagsstiller og førebu saker til politisk handsaming.

I 2024 låg saksbehandlingsgebyret for bustadbygging i Skjåk på om lag 40 % av snittet i KOSTRA-gruppe 5. Sjølvkostgraden for plan og bygesak samla var berre 13 % i 2023. Frå 2025 er det vedteke ein vesentleg auke i gebyra: plangebyr skal opp til ca. 84 %, og bygesaksgebyr til ca. 96 % av gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 5. Likevel vil bygesaksgebyret fortsatt vere lågare enn i nabokommunane.

Kultur

Arbeidet innan kultur er knytt til sakshandsaming innanfor det utvida kulturomgrepet. Sentrale oppgåver er behandling av søknadar om kultur- og prosjektmidlar, spelemidlar, kulturminnevern, sekretærfunksjonar, og arbeid med ulike prosjekt og arrangement. Revideringa av kulturmiljøplanen held fram i 2024.

Kulturressursen i kommunen er på 50 %, og dei resterande 50 % vart i 2024 nytta til eit vikariat på biblioteket. Dette samarbeidet og samlokaliseringa har vist seg å vere svært positivt.

Skjåk kommune deltek i 6K kultur, 6K idrett og 6K DKSS – samarbeidsforum i Norddalen der kultur, spelemidlar, idrett og Den kulturelle spaserstokken er viktige tema. Kultur fungerer òg som eit viktig bindeledd til frivillige lag og organisasjonar.

I 2024 har bygginga av symjehallen og turstigen på flaumvollen – med dagsturhytta – vore særleg viktige prosjekt i kulturarbeidet. 17. mai-feiringa vart gjennomført på tradisjonelt vis med folketog i Bismo og program i Skjåkhallen.

Det vart arrangert fleire aktivitetar gjennom Den kulturelle spaserstokken – både på Skjåkheimen og andre arenaer – retta mot dei «yngre eldre». Dette har vore godt besøkt og svært positivt motteke, i tett samarbeid med lokale organisasjonar.



Foto: Skjåk kommune / Flarmvoll

Kommunikasjon

Skjåk kommune er i startfasen med oppgradering av heimesida for å sikre at digitale løysingar møter krav til universell utforming – både no og i framtida. Ei moderne og tilgjengeleg heimeside er avgjerande for at alle innbyggjarar skal kunne få tilgang til informasjon og tenester på ein enkel og inkluderande måte.

Oppgraderinga vil bidra til betre brukeroppleveling, meir effektiv kommunikasjon og eit styrka omdømme for kommunen. Arbeidet skal etter planen vere ferdig i 2025.

I 2024 vart det også sett i gang arbeid med ein overordna strategi for informasjon og kommunikasjon. Målet er tydelegare og meir open kommunikasjon – både internt i organisasjonen og ut til innbyggjarane. Informasjonen skal vere lett tilgjengeleg og lett å forstå.

For å bygge tillit og skape engasjement lokalt er det avgjerande å nå ulike målgrupper gjennom relevante kanalar og med bodskap tilpassa deira behov.

Tekniske tenester

Tekniske tenester har ansvar for planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg, vegar og infrastruktur for vatn og avløp.

Drift og vedlikehald

Skjåk kommune har fem kommunale reinseanlegg, eitt infiltrasjonsanlegg og seks kommunale vassverk. Avlaupsslam blir handsama på Bismo renseanlegg og kompostert på Tundramoen. Kommunen har noko høgare kostnader til avlaupstener enn samanliknbare kommunar, men



lågare kostnader til vassforsyning.

Det er behov for vidare investering i vassforsyning, og reservevassforsyning i Bismo-området er eit prioritert prosjekt i komande periode. Det finst òg manglar i forsyninga andre stader i kommunen.

Driftspersonell har ansvar for vedlikehald av kommunale bygg, vegar, bruer og gatelys. Skjåk kommune har om lag 22 000 m² bygningsmasse, 20 km kommunal veg og 8 bruer. Det høge talet bruer i forhold til veglengde fører til relativt høge KOSTRA-tal for vedlikehald per kilometer veg. Vintervedlikehald på kommunale vegar blir utført av lokale entreprenørar.

Det er registrert eit betydeleg overforbruk på vintervedlikehald dei siste to åra. Dette må justerast i komande budsjett, då ein utan tvil må rekne med meir vêr.

Energi og effektivisering

Energiforbruket i kommunale bygg er høgare enn landsgjennomsnittet. Dei siste åra har forbruket blitt redusert betydeleg gjennom effektivisering, men det er behov for ytterlegare tiltak for å nå eit meir normalt nivå.

Utskifting av varmepumpe i varmesentralen er eit viktig tiltak for å redusere energikostnader i dei store bygga



– kommunehuset, skulen og Skjåkhallen.

Jamt over har Skjåk kommune gode bygg, men det er for lite midlar til verdi-bevarande vedlikehald. Dette fører til eit aukande etterslep, særleg på tekniske anlegg som har kortare levetid enn sjølve bygga.

Organisasjon

Det er tilsett ny driftsleiar for vaktmeistertenesta.

Prosjekt

Prosjektstyring innan miljø- og samfunnsutvikling er i hovudsak organisert under

teknisk eining. I 2024 vart det nytta ein stillingsressurs i 60 % for å følgje opp prosjekta.

Dei siste åra har kommunen hatt mange prosjekt å halde oversikt over, og fleire tilsette har hatt prosjektansvar som ein del av sine ordinære oppgåver. Å styre prosjekt er tidvis krevjande, med mange og ofte komplekse oppgåver.

Prosjektstyring har utvikla seg til å bli eit eige fagfelt, og i dei største og mest krevjande prosjekta har det vore heilt nødvendig å leige inn byggherreombod for å sikre kvalitet og framdrift.



9 /

Kommunedirektør, stab og politikk

Økonomi

Det er eit samla mindreforbruk på område kommunedirektør og stab på om lag 780 000 kroner. Den største delen av mindreforbruk er knytt til personal og organisasjonsutvikling. Ein vesentleg del av mindreforbruk er knytt til inntak av færre lærlingar enn planlagt.

Beløp i 1000	Rekneskap		Budsjettparti oppdrag	Avvik	Rekneskap	
	2024	2024			2023	
100 Kommunedirektør	8 961	9 113	9 113	-152	9 082	
103 Personal og organisasjonsutvikling	2 573	3 170	3 170	-597	2 877	
104 Økonomi	4 560	4 594	4 594	-34	4 023	
Kommunedirektør og stab	16 093	16 877	16 877	-784	15 981	



Politisk organisering



Tal på møter og behandla saker i dei politiske utvala i 2024

Utval	Tal på møter	Behandla saker
Kommunestyret	11	71
Formannskap	16	88
Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling	9	65
Hovudutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur	10	21
Elderåd	3	0
Brukarråd	3	0
Ungdomsråd	6	9
Administrasjonsutval	2	0
Arbeidsmiljøutval	3	0



Deltaking - politiske seminar og utval

Januar:

- 9/1 Ekstraordinær generalforsamling Innlandet Energi Holding
11/1 Styremøte Breheimen nasjonalparkstyre
12/1 Gudbrandsdalsting – konstituerande møte
12/1 Samarbeidsmøte Gudbrandsdalsost
12/1 RV15
15/1 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
23/1 Rovviltkonferanse
29/1 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
31/1 NIS

Februar:

- 5/2** Regionstyremøte
6/2 Landbruksmøte
8/2 Eigarmøte Skjåk Energi
9/2 RV15
9/2 Regionstyremøte
12/2 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
13/2 Handlingsplan fylkesvegar
19/2 Tilflyttarmøte
20/2 Styremøte Skjåk Energi
26/2 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
26/2 Fjellpride-møte
29/2 Styremøte Breheimen nasjonalparkstyre
29/2 Beredskapsråd

Mars:

- 4/3** St.hansmøte
7-8/3 Strategikonferansen KS Innlandet
11/3 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
12/3 Representantskapsmøte SKNG
13/3 Gudbrandsdalsting
14/3 Kompetansedager – nasjonalpark
15/3 Representantskapsmøte IPR
18/3 Fjellpride-møte
19/3 Nemnd for brannvesenet
22/3 Styremøte Breheimen nasjonalparkstyre
25/3 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen

April:

- 5/4** Møte i politisk referansegruppe
5/4 Eksportveikonferansen
9/4 Eigarmøte, Skjåk Energi AS
11/4 Beredskapsråd
15/4 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
17/4 17. mai-komite
18/7 Jervens predasjon på sau
19/4 Regionstyremøte
22/4 Arbeidsgruppe fusjon Skjåk Energi
22/4 Representantskapsmøte
22/4 Fjellpride-møte
24/4 RV15
24-25/4 Oppsummerende samling kulturskulerådet
26/4 Frokostmøte KS Innlandet
26/4 Styremøte Breheimen nasjonalparkstyre
29/4 Eigarmøte Giax

Mai:

- 3/5** Regionstyremøte
3/5 Dialogmøte Hafslund Eco
6/5 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
6/5 IKA Representantskap
6/5 Styremøte Skjåk Energi
7/5 Generalforsamling Skjåk Energi
15/5 Styremøte Skjåk Energi
16/5 17. mai-komite
22/5 Arbeidsmøte Skjåk Energi
22/5 Fjellpride-møte
29/5 Dialogforum landbruk
29/5 NGR – IKS
29/5 St.hanskitemøte
29/5 17. maikomite – evalueringsmøte

Juni:

- 3/6** Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
5/6 Fylkeskommune, handlingsprogram fylkesveg
6-7/6 Ordførarsamling
17/6 Møte styreleiar og sekretariat Breheimen
19/6 Generalforsamling Giax
20/6 Generalforsamling Skjåk Energi
26/6 St.hanskomite – evalueringsmøte
28/6 Styremøte Skjåk Energi

**Juli:**

- 1/7** Møte styreleiar og sekreteri
Breheimen
15/7 Møte styreleiar og sekreteriat
Breheimen
29/7 Møte styreleiar og sekreteriat
Breheimen

August:

- 19/8** Eigarmøte, Skjåk Energi
20/8 Styremøte Skjåk Energi
21/8 Skulestruktursaka
22/8 Kommunegruppe kulturskule
23/8 Regionstyre
26/8 Møte styreleiar og sekreteriat
Breheimen
27/8 Ekstraordinær general-
forsamling Skjåk Energi
29-30/8 LVK- landsmøte

September:

- 2-3/9** Styremøte Breheimen
nasjonalparkstyre
3/9 Styremøte Skjåk Energi
9/9 RV15
16/9 Møte regionstyre
26/9 Fjellpride-møte
18/9 SKNG
23/9 Møte styreleiar og
sekreteriat Breheimen
26/9 SKNG representant-
skapsmøte
27/9 Fellesmøte, region

Oktober:

- 1/10** TV-aksjonen komitemøte
4/10 skulestruktursaka
7/10 Møte styreleiar og sekreteriat
Breheimen
9/10 SKNG
17-18/10 Høstkonferansen KS
Innlandet
25/10 Oppvekstkonferanse
30/10 Eigarmøte Skjåk Energi

November:

- 7/11** Villreinutvalet
14/11 Brannstyre
15/11 Politisk referansegruppe SI
15/11 Regionstyre
22/11 Styremøte Breheimen
nasjonalparkstyre
27/11 Markering tilsette 25 år

Desember:

- 6/12** Ekstraordinær
generalforsamling
13/12 Representantskapet IPR
17/12 Styremøte Skjåk Energi



Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtalar

Interkommunale samarbeid	Organisert	Lokasjon	Merknad
6 K Helse-6 K Skole-6 K Næring-6 K Personal/Økonomi	Samarbeid		Kommunedirektørsamarbeid
Arbeidsgjekontrollen i Nord-Gudbrandsdal	Vertskommuneavtale	Vågå	
Attraktivitet	IPR		Tilflytting og ungdom
Barnevern	Vertskommuneavtale	Sel	Skjåk, Lom, Vågå og Sel
FACT	Samarbeid	NAV, DPS Lhmr	
Felles legeaktivitetsvarsling	Vertskommuneavtale	Sel	Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk
Fjellnettverket	Forening		Norsk Fjellsenter
Geodatasamarbeid - NGGIS	Vertskommuneavtale	Sel	
Gudbrandsdal krisesenter IKS	IKS	Lillehammer	
Gudbrandsdalsmusea AS	AS		Inkl. private og midtdalen
Helsestasjon inkludert jordmor frå 2023	Samarbeid		
Hjelpepersonell spesialister	Vertskommune	Sel	
Helseregion (partnerskap)	Partnerskap		SI
IKA Opplandene	§27		Arkivfagleg samarbeid
Innkjøpskontor	Vertskommuneavtale	Vågå	
Innlandet revisjon	IKS	Lillehammer	
Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal		Sel	
Intermediær korttidsavdeling (NGLMS)	Vertskommuneavtale	Sel	Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk
IT tenester for Lom og Skjåk	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Jordmor vaktsamarbeid	Samarbeid	Sel	
Karrieresenter	Samarbeid		Driftstilskot
Kart og oppmåling	Kjøp av tenester	Vågå	
Kommunedirektørnettverket (KD)	Samarbeid		Kommunedirektørsamarbeid
Kommunal psykolog	Vertskommuneavtale	Lom	Vågå, Lom og Skjåk



Interkommunale samarbeid	Organisert	Lokasjon	Merknad
Koordinator i samfunnsmedisin	Vertskommuneavtale	Sel	Ikkje tilsett
Kulturskule	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Landbruk	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Lokalmedisinsk senter NGLMS	Vertskommuneavtale	Sel	
Lom og Skjåk Brannvesen	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Nasjonalparkkommuner og nasjonalparklandsbyer	Forening	Lom	Norsk Fjellmuseum
Nasjonalparkriket Reiseliv AS	Samarbeidsavtaler		
NAV - Gjeldsrådgivning	Vertskommuneavtale	Sel	
NAV regional modell	Partnerskap		
NGR - Interkommunalt renovasjonsselskap	IKS		
NG-Regionråd / Regionkontoret	§ 27	Sel	Eige rettssubjekt
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	Vertskommuneavtale	Sel	
Personvernombod	Vertskommuneavtale	Lesja	Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk
Plan, byggesak, naturforvaltning	Vertskommuneavtale	Lom	
Psykisk helsevern	Vertskommuneavtale	Lom	Lom og Skjåk
Regional legevakt	Vertskommuneavtale	Sel	
Regiondata	§ 27	Sel	Eige styre, ikkje rettssubjekt
Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdalen	§ 27	Lom	Eige styre, ikkje rettssubjekt
Skogbruk	Samarbeid	Skjåk	
Skäppå AS	A/S	Vågå	
Sysselsettingsgruppe	Vertskommuneavtale	Skjåk	Lom og Skjåk
Tildelingskontor	Vertskommuneavtale	Skjåk	Lom og Skjåk
Tilsyn i byggesaker	Vertskommuneavtale	Vågå	
UKM	Samarbeid		
Vaksenopplæring grunnskuleopplæring	Samarbeid	Lom	



Skjåk kommune

